

Løpe-nr.	Oppslags-nr.	Namn	Vedtak	Namnetype	Merknader
1	1087954	-	Austdalen	Dal	<p><u>Uttale:</u> Språkrådet skriv at i ein telefonsamtale dei har hatt med Olav H. Tveit, har stølshus på staden, stadfeste han at stølsnamnet er uttala /"austdal/, men han sa at det er den bundne namneforma /"austdalen/ som er nytta som namn på dalen der stølen ligg.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Austdalen i eit kart frå høgfjellskommisjonen frå 1918 (Austdal S^{re} er der brukt om sjølve stølen.)</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Sjå løpenr. 2.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår Austdalen som skrivemåte på grunnlag av uttalen Olav H. Tveit opplyser.</p> <p><u>Vurdering:</u> Punkt 2 i dei ufullande reglane fastset følgjande: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen." Opplysninga frå Olav H. Tveit vert stadfest i kartet frå høgfjellskommisjonen frå 1918, der dalnamnet står med skrivemåten Austdalen, medan namnet på stølen er skrive Austdal S^{re}. Det gjev soleis grunnlag for å fylgja Språkrådet si tilråding om at dalnamnet vert skrive Austdalen, medan stølsnamnet får skrivemåten Austdal.</p> <p>Austdalen vert fastsett som skrivemåte av dalnamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>

2	3125	<i>Austdalen / Austdal</i>	Austdal	Seter/støl	<p><u>Uttale:</u> I eit notat fører Inge Reinsnos opp uttalen /'aus'dal/. Språkrådet skriv at i ein telefonsamtale dei hadde 11. januar i år med Olav H. Tveit, som har stølshus på staden, stadfeste han at stølsnamnet er uttala /"austdal/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Austdal S^e i eit kart frå Høgjellskommisjonen frå 1918, Austdal i gradteigskart frå 1960 og 1961, Austdalen i Norge 1:50 000 frå 1970, 1994, 1995 og 2006. Austdal er òg brukt i seterlistene frå 1930-åra og i bøkene Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 18 (mfl.) og Vandring i gammal og ny tid (1999), s. 158.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Olav Tveit skriv at adressa på stølen deira er Austdal og ikkje Austdalen. Tor Steinar Tveit skriv at stølen har namnet Austdal og ikkje Austdalen. Bergfinn Kvalnes meiner òg at stølen har namnet Austdal, og at staden aldri har vore kalla Austdalen, sjølv om dalen har fått denne namneforma på nyare kart. Han ynskjer at stølsnamnet skal ha Austdal som skrivemåte. Mariann N. Berge skriv på vegner av far sin, Knut Berge, at stølsnamnet skal verta retta til Austdal, og ikkje Austdalen, slik at det vert i samsvar med stadnamnbruken frå gamalt av.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår at stølsnamnet vert skrive Austdal i samsvar med uttalen, og peikar på at det finst ein god del døme her til lands på at stølsnamn, gardsnamn, bygdenamn og andre kulturnamn har ubunden form medan dei tilsvarande naturnamna har bunden form.</p> <p><u>Vurdering:</u> Medan dalnamnet har bunden form Austdalen, er det nedervd talemålstradisjon for ubunden form Austdal i stølsnamnet, jf. uttaleopplysningane frå Olav H. Tveit på løpenr. 1. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og punkt 2 i dei utfyllande reglane tilseier då at skrivemåten fylgjer uttaletradisjonen. Austdal vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og pkt. 2 i dei utfyllande reglane.</p>
---	------	--------------------------------	----------------	------------	--

3	186173	Austdalsbotn / Austdalsbotnen	Austdalsbotnen	Botn	<p><u>Uttale:</u> På telefon med Kartverket opplyser Inge Reinsnos uttalen /èus`dalsbåt'n/. Knut Berge opplyser /èuss`dalsbåtnèn/ som uttale.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Austdalsbotn i Norge 1:50 000 frå 1970, 1994, 1995 og 2006 og i registeret til hovudoppgåva Stadnamn i Oddadalen og tilgrensande fjellområde (1976) av Hermund Fenne.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet syner til den nemnde hovudoppgåva, og nemner at dialekten har det aktuelle grunnordet /'båt,n/ som ubunden form og /'båtnen/ som bunden form i eintal. For ordet botn Fenne fører opp slik bøying i målføret: /båtŋ/ - /'båtnen/ - /^vbåtnar/ - /^vbåtnane/. Språkrådet reknar med at Fenne har nytta den oppslagsforma som er mest i tråd med den lokale munnlege namnetradisjonen. Dei tilrår difor at Austdalsbotn blir fastsett som offisiell skrivemåte, jf. punkt 2 i dei utfyllande reglane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Det gamle systemet i hardingmålet i eintal er slik: /båt'n/ – /båt'nen/, der ordet altså har éi staving og ikkje stavingsberande n i ubunden form. I nyare tid kan ein både møta på /båt'ŋ/ – /båt'nèn/ og fullt samanfall i ubunden og bunden form: /båt'ŋ/ – /båt'ŋ/. Det er nok det siste Inge Reinsnos og kanskje Hermund Fenne har vore borti dersom dei har notert ein uttale som dei har oppfatta som ubunden form. Naturnamn med botn som etterlekk har vanlegvis bunden form i området, og det er mest rimeleg å rekna med at det er det som er tilfelle her òg.</p> <p>Austdalsbotnen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
---	--------	----------------------------------	-----------------------	------	---

4	186139	<i>Austdalselvi / Austdalselva</i>	Austdalselvi	Elv	<p><u>Uttale:</u> I eit notat fører Inge Reinsnos opp den talemålsnære forma Austdalselve.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Austdalselvi i Norge 1:50 000 frå 1970, 1994, 1995 og 2006.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Austdalselvi, og syner til den prinsipielle merknaden dei har til namnet Slevåna/Slevåni/Slevo om valet mellom a- eller i-ending. Dei presiserer at namnet Austdalselvi gjeld elva som renn gjennom Austdalen og som endar i Reinsnosvatnet, medan elva som renn ut or vatnet, har skrivemåten Austdølo som vedteken namneform. Dei skriv vidare at den delen av vidda som høyrer til storkommunen Ullensvang (og heile tidl. Ullensvang herad), har tradisjon for å nytta i-ending i namn som endar på t.d. -elvi og -lii.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket sluttar seg til Språkrådet si framstilling.</p> <p>Austdalselvi vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og lokal normeringspraksis.</p>
5	202483	<i>Austdalsnuten</i>	Austdalsnuten	Fjell	<p><u>Uttale:</u> I eit notat fører Inge Reinsnos opp uttalen /'eus'dalsnu:tn/. Knut Berge opplyser på telefon med Kartverket at dei skil mellom /nê:s`te èussdalsnu:t'n/ og /ø:fs`te èussdalsnu:t'n/, slik at dei brukar Nedste Austdalsnuten om nuten som i kartet står som berre Austdalsnuten.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Austdalsnuten i Norge 1:50 000 frå 1994, 1995 og 2006, og i boka Vandring i gammal og ny tid (1999), s. 163.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Austdalsnuten.</p> <p><u>Vurdering:</u> Austdalsnuten vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>

6	186172	<i>Austdalsskar / Austdalsskard</i>	Austdalsskaret	Skar	<p><u>Uttale:</u> I eit notat fører Inge Reinsnos opp namneforma Austdalsskaret, og på telefon med Kartverket opplyser han uttalen /èuss`dalska:rə/. Knut Berge er òg kjend med uttalen /èuss`dalska:rə/ i bunden form, og meiner at den namneforma kjennest mest naturleg.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Austdalsskard i Norge 1:50 000 frå 1970, Austdalsskar i utgåvene frå 1994, 1995 og 2006 og i registeret til hovudoppgåva Stadnamn i Oddadalen og tilgrensande fjellområde (1976) av Hermund Fenne.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Austdalsskar. Dei skriv at dei reknar med at Fenne har nytta den oppslagsforma som er mest i tråd med den lokale munnlege namnetradisjonen, og syner til punkt 2 i dei utfyllande reglane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Me har ikkje funne noka stadfesting lokalt for ein uttale i ubunden form av dette namnet, so namnet fylgjer iallfall i dag det vanlegaste mønsteret, som er at avleidde sekundærnamn har ein uttale i bunden form. Då er hovudregelen at skrivemåten òg skal vera i bunden form, jf. punkt 2 i dei utfyllande reglane: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen."</p> <p>Austdalsskaret vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 2 i dei utfyllande reglane.</p>
7	1082751	<i>Austdalen / Austdal</i>		Adressenamn	Ullensvang kommune er vedtaksmynde

8	983762	<i>Andhovden / Anhovden</i>	Andhovden	Fjellkant, ved Dronningstien	<p><u>Uttale:</u> /ann`håvden/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 82.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Andhovden i boka Makter og menneske 5 (1943), s. 61, i Makter og menneske 14 (1985), s. 162, og i boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 82, Anhovden i tidsskriftet Hardanger 2002, s. 73.</p> <p><u>Høyrings svar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Andhovden.</p> <p><u>Vurdering:</u> Førelekkjen And- kjem venteleg av det norske prefikset and-, som har tydinga 'mot-', jf. ord som andror og andføttes. Ålment kjende ord og namnelekkar skal etter hovudregelen i § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn fylgja gjeldande rettskriving.</p> <p>Andhovden vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.</p>
9	887221	<i>Askilstveit / Askjellstveit / Askildstveiten / Askjelstveit</i>	(går ut av saka)	Jorde	Namnet vart handsama i sak 2013/123106, og går difor ut av denne namnesaka.
10	(i matr.)	<i>Askildstveiten / Bekkjatun</i>	(går ut av saka)	Bruk 166/6	Jf. løpenr. 9
11	(i matr.)	<i>Askjelstveit / Bekkjatun</i>	(går ut av saka)	Bruk 166/13	Jf. løpenr. 9

12	1081528	Avholet	Avholet	Botn, ved Ringedalsfossen	<p><u>Uttale:</u> /ao`hålə/, jf. boka Noko om stadnamn i Odda (1958), s. 86, /ao`-/ ,jf. den utrykte teksten Ord bruka i stadnamn (1947), s. 6.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Aaholet i tidskriftet Hardanger 1944, s. 122, Avholet i bøkene Noko om stadnamn i Odda (1958), s. 86 og Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 18, Aoholet i boka Folk or gamal tid 3 (1974), s. 91 og i boka Makter og menneske 16, s. 110.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Avholet, og peikar på at namnet er ført opp med den oppslagsforma i boka Stadnamn frå gardane i Odda.</p> <p><u>Vurdering:</u> Ordet avhol står med fylgjande tyding (1) i Norsk Ordbok: "oftast nedsetj, stad (gard, bygd o l) som ligg etter måten avleies, avstengt (og som difor gjerne står noko til atters), avkrok". Denne forklaringa høver for den aktuelle lokaliteten, som er ein avsides, avsølt og trong botn heilt inst i Ringedalen. Det kan difor leggjast til grunn at det er preposisjonen <i>av</i> som ligg til grunn for førelekken, ikkje preposisjonen å 'på'. Avholet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

13	766605	Bråto / Broto	Broto	Annan terrengdetalj, i lia over Eitrheim	<p><u>Uttale:</u> /brå`tó/, jf. den utrykte teksten Ord bruka i stadnamn (1947) av Kristofer Eitrheim, s. 19, der namnet vert tolka som dativ fleirtal av ordet brot n. 'bratte, bratt stad'.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Bråto i økonomisk kartverk frå 1964 og i boka Eitheim i Odda (1984), s. 12.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet reknar med at namnet er ei stivna dativ fleirtalsform av inkjekjønnsordet brot, og dei tilrår difor skrivemåten Broto, og syner til pkt. 5 i dei utfyllande reglane: "Namn som opphavleg var dativformer, bør halde på dativendinga. Det gjeld først og fremst dativ fleirtal, som kan få endinga -o, -om eller -um i samsvar med dialektuttalen. Døme: Geilo, Haugom, Sveum."</p> <p><u>Vurdering:</u> Språkleg sett kan namnet anten vera dativ fleirtal av brot, slik Språkrådet og Kristofer Eitrheim tek til orde for, eller det kan vera bunden form eintal av hokjønnsordet brote 'stad der eit gjerde er/vert nedbrote', jf. namnet Vøtrabroto på garden Storås i Ullensvang, om ein stad der dei fjerna gjerdet om vintrane for å koma gjennom med timber- eller vedlass. I usamansette stadnamn med dialektpreg eller uklart språkleg innhald er det normeringspraksis for o-ending, jf. eit vedtak i 2022 om Moso for ei elv i Ullensvang, so båe dei moglege tydingane peikar mot ein skrivemåte Broto. Den nedervde uttalen med /å:/ kunne isolert sett tilseia å vidareføra skrivemåten Bråto med å, men å skal etter gjeldande rettskrivingsprinsipp vanlegvis brukast for gamalnorsk á. Ord av gamalnorsk á vert uttalte med /ao/ i det nedervde, lokale talemålet, medan kort gamalnorsk o vert i dag uttalt /å(:)/, og ein skrivemåte Bråto er difor misvisande for både opphavet og den nedervde uttalen i dette området. Broto med o har normeringspraksis frå før i andre stadnamn i kommunen, jf. eit vedtak om skrivemåten Bròto i eit stadnamn i Kinsarvik i 2000. Broto vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

14	99716	Burtnadgjelet / Burtnagjelet	Burtnagjelet	Juv	<p><u>Uttale:</u> Namnet er oppført med uttalen /bùrrtná-jilè/ i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 25.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Burtnadgjelet i økonomisk kartverk frå 1964, Burtna-gili i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 25, Burtnagil i tidsskriftet Hardanger 1944, s. 127.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at det visseleg er plantenemninga burtn (m.) som ligg til grunn for førelekken i dette namnet. Dei syner til at det på nettsida Hordanamn er registrert i alt 46 namn med førelekken Burtna-, dei fleste på lokalitetar i Hardanger. Dei tilrår difor at det aktuelle namnet i Tyssedalen får skrivemåten Burtnagjelet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Burtnadgjelet må koma av ei feilaktig tolking av namnet. Ordet burt(n) er ein målførevariant av ordet burkne m. 'bregne', og det er ein eintydig normeringspraksis for Burtna- i andre namn i kommunen, t.d. i Burtnafloten og Burtnadalane.</p> <p>Ordet gjel er tradisjonelt eit hokjønnsord i området, men i talemålet lokalt har inkjekjønn overteke, noko som her vil gje ein so å seia uendra uttale frå det som var endinga i bunden form av eit sterkt hokjønnsord: /-je:lè/ > /je:lə/. Det verkar difor tilrådeleg å fylgja Språkrådet si tilråding om -gjelet med vanleg inkjekjønnsending. Burtnagjelet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

15	1083441	Byrekvam / Børekvam	Byrekvam	Setervoll ved Torekovstølen	<p><u>Uttale:</u> /bỳ`rekvamm/, jf. den utrykte teksten Ord bruka i stadnamn (1947), s. 89</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Byrekvam i bøkene Måge i Ullensvang (1948), s. 29, Folk ved Folgefonn (1955), s. 28 og Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid 4.1 (1971), s. 30, og i Stølssoaga vår (2007), s. 20-21. "Thorekaaven (Børekvam)" står oppført i folketeljinga frå 1865.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Byrekvam, og jamfører med den SSR-registrerte namneforma Byrenut på garden Måge i Ullensvang.</p> <p><u>Vurdering:</u> Det er naturleg å sjå namnet i samanheng med både Byre /bỳ:`re/ nord for Tjoflot og Byrenuten /bỳ`renu:ten/ ved Måge, sistnemnde ei avleiing av bỳ:`ro/, ei elv like i nærleiken. Den opne y-en kunne opna både for normering Børe- med ø og Byre med y, men i samsvar med skrifttradisjonen for det aktuelle namnet i nyare tid og normeringspraksisen for denne namnelekken i området, synest det mest tilrådeleg å bruka y her òg. Det ligg venteleg nærmast det språklege opphavet, som ein må rekna med er med kort y.</p> <p>Byrekvam vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

16	991252	<i>Elvaflot / Elvaflåt</i>	Elvaflot	Slette	<p><u>Uttale:</u> /èl`vaflå:t/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 117.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Elvaflåt i Norsk stedsfortegnelse (1972), s. 141, Elvaflot i bøkene Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid 4.2 (1971), s. 168 og Opedal - saga um ein gard i Hardanger (1995), s. 27, Elvaflòt i boka Ljos og kraft i Eidfjord og Ullensvang (2001), s. 102 og "Elvaflòt / Ljosstykkjet" i Ullensvang - Frå fjell til fjøre (2016), s. 117.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Elvaflot. Dei peikar på at det aktuelle grunnordet har rettskrivingsforma flot, og at skrivemåten flåt i Hardanger ville kunna leia til lese måten /flao:t/.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåtane Elv- og -flot er i samsvar med gjeldande rettskriving i norsk, og fuge-a er i samsvar med uttalen og pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Elvaflot vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
17	(i matr.)	<i>Elvaflåt</i>	Elvaflot	Bruk 174/48	Jf. løpenr. 16

18	794462	<i>Elvanuten / Vardanuten</i>	Elvanuten (sidenamn) / Vardanuten (sidenamn)	Topp	<p><u>Uttale:</u> /va:`ranu:ten/ og /el`vanu:ten/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 170, der namna har fylgjande merknad: "[Vardanuten er] same stad som Elvanuten, sprekkje på baksida. Vardanuten vert mest nytta som namn (namna er førde opp som to ulike lokalitetar på ØK)".</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> "Elvanut (Varanut)" i Norge 1:50 000 frå 1952, Elvanut i Norge 1:50 000 frå 1968 og 1995, Vardanuten i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2010, Elvanuten (på høgd 1259) og Vardanuten (med litt mindre skrift 200 m lenger søraust) i økonomisk kartverk (ØK) frå 1971.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåtane Vardanuten og Elvanuten, der dei tilrår at Vardanuten vert sett som hovudnamn og Elvanuten som undernamn på same namneobjekt.</p> <p><u>Vurdering:</u> Varanut står i parentes med litt grannare skrift litt søraust for Elvanut i Norge 1:50 000 frå 1952, og det verkar sannsynleg at oppføringane av dei to namna i økonomisk kartverk er henta derifrå. Men utan parentes, slik som i ØK, kunne det sjå ut som Vardanuten var ein annan nut enn Elvanuten, noko det ikkje ser ut til å vera grunnlag for å tru, korkje ut frå eldre kartkjelder eller lokal tradisjon. Jakob Midtun frå Hovland stadfester òg på telefon med Kartverket at høgste nuten som ein ser nedanfrå garden heiter Vardanuten /va:`ranu:ten/. I ei namnesak i 1996 vart Vardanuten vedteken og Elvanut avslege som namn, og det hadde nok bakgrunn i at det vanlegaste namnet på nuten er Vardanuten. Sidan både namn har vore vanlege å representera i kart, synest det mest tilrådeleg å setja namna som sidenamn, slik at både framleis vert synlege i karta.</p> <p>Vardanuten og Elvanuten vert fastsette som skrivemåtar av dei to namna i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane. Namna vert sette som sidenamn.</p>
19	645421	<i>Elvanuten</i>	(feilført)	Topp	Jf. løpenr. 18

20	610491	<i>Espeland</i>	Espeland	Gard 45	<p><u>Uttale:</u> /æ`sspeland/, jf. bokverket Norske Gaardnavne.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Espeland i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Espeland i gradteigskart frå 1960 og 1961 og i Norge 1:50 000 frå 1962, 1988, 1995 og 2009.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Espeland, og syner til uttalen i Norske Gaardnavne.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av gardsnamnet Espeland er uomstridd. Namnet vart teke med i saka i samband med at namnet Espelandsfossen skulle formaliserast for offentleg bruk.</p> <p>Espeland vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
21	(i matr.)	<i>Espeland</i>	Espeland	Bruk 45/1	Jf. løpenr. 20.

22	(i matr.)	<i>Espeland II</i>	Steinaberg (hovudnamn) / Espeland (undernamn)	Bruk 45/3	<p><u>Uttale:</u> /stai`nabèrg/ vert opplyst som namneform av Jakob Espeland på telefon med Kartverket.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Espeland II i 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Espeland utan romartal, og syner til at det finst mange døme her i landet på at to eller fleire bruk på ein gard har identiske offisielle namn.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jakob Espeland, tidlegare grunneigar på bruk 45/1, opplyser at dei lokalt nyttar Steinaberg som namn både serskilt om bruk 45/3 og generelt om heile området frå og med bruk 45/3 og sørover til brua over til Skarsmoen. Eigaren av bruk 45/3 stadfester på telefon med Kartverket at han vil ha namnet Steinaberg som bruksnamn på eigedomen sin. Sidan Steinaberg er det vanleg brukte namnet lokalt, er det naturleg at det vert sett som hovudnamn, medan matrikkelnamnet Espeland (utan romartal) kan vidareførast som undernamn. Kartverket seier seg samd med Språkrådet i at bruken av romartal er overflødig i slike tilfelle som her. I namn på tilleggsareal kan slik nummerering kanskje ha ein funksjon, men på sjølvstendige bruk, slik det er snakk om på denne staden, er det lite grunn og lite tradisjon for å ha ei nummerering som del av bruksnamnet.</p> <p>Steinaberg vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet i samsvar med den munnlege tradisjonen lokalt, og Espeland vert fastsett som skrivemåte av undernamnet i samsvar med skrifttradisjonen i matriklane, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
----	-----------	--------------------	--	-----------	--

23	989000	<i>Espelandsfossen</i>	Espelandsfossen	Foss	<p><u>Uttale:</u> Jakob Espeland opplyser uttalen /ess`pelansfåss'n/ på telefon med Kartverket, og seier at dei brukar den namneforma om fossen lokalt på garden òg.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Espelandsfossen i boka Vandring i gammel og ny tid (1999), s. 143 og i boka Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid 43.1 (1967), s. 451.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Espelandsfossen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Namnet på -land- får vanlegvis fuge-s i samansetningar, og det ser ut til å vera eintydig brukt i dette namnet òg. Tradisjonen for namnevalet ser ut til å vera eintydig lokalt.</p> <p>Espelandsfossen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
24	611008	<i>Fodnasete</i>	Fodnastøl (hovudnamn) – <i>Fodnasete</i> vert avleige som namneval	Seter/støl i fjella ovanfor Herand	<p><u>Uttale:</u> /fåd`nastø:l/, jf. ei lokal namnesamling frå 1979/1980.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Fodnasete i gradteigskart frå 1951, 1958, 1962 og 1974 og i Norge 1:50 000 frå 1952, 1987, 1995, 2002 og 2010, Fonnastøl i økonomisk kartverk frå 1971 og i ei lokal namnesamling frå 1979/1980, Fodnastøl i seterlistene frå 1930-åra og i bøkene Jondal i gamal og ny tid (1953), s. 479, Jondal kommune gards- og slektssoge 1 (2003), s. 175 og Stølane våre i Jondal kommune (2016), s. 51.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fodnastøl. Dei syner til at det i 1993 vart vedteke at eit stølsnamn i Oddadalen skal skrivast Fodnastølen i offentleg samanheng, og til at namnet på ein tidlegare støl innom Kinsevatnet er SSR-registrert med skrivemåten Fodnastøl som eineform. I SSR finst det ikkje noko lokalt namn med skrivemåten Forn(a)-. Namnelekkjen heng saman med adjektivet forn, som me finn att i uttrykket "i forne tider". Dei meiner at skrivemåten Fodna- må reknast som ei regional samleform, f. § 3 fyrste ledd i forskrift om stadnamn. Dei syner òg til andre avsnitt i punkt 3.6 i dei utfyllande reglane: "Når særlege grunnar talar for det [...], kan skrivemåten dn for uttalen dn etter rn nyttast i samsvar med dialektuttalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>

24	611008	Fonnastøl / Fodnastøl		Seter/støl i fjella ovanfor Herand	<p><u>Vurdering:</u> I denne saka må det vurderast om førelekken skal skrivast Fonna- eller Fodna-, og om ein skal bruka -sete eller -støl som etterlekk. Det er påfallande med den utbreidde bruken av namneforma Fodnasete med -sete i kart, men det må vera ein avskriftsfeil som over lang tid har fått stå ukorrigert. Det ser ut til å vera ein tendens til at etterlekkane -sete og -støl i stølsnamn er bytte om nokre stader i området, jf. løpenr. 82, og det har truleg skjett i samband med at den fleirtydige forkortinga Sr i eldre kart har vorte løyst opp. Det er ikkje noko som tyder på at namneforma med -sete har noko grunnlag i lokalt talemål, og det er difor ikkje grunnlag for å vidareføra henne.</p> <p>Kartverket sluttar seg til Språkrådet si tilråding om skrivemåten Fodna- av førelekken, som har sterk normeringspraksis på Sør-Vestlandet, inkludert andre stader i Ullensvang. Det er serleg grunn til å velja forma Fodna- når det finst skrifttradisjon for denne skrivemåten konkret for dette namnet.</p> <p>Fodnastøl vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Fodnasete vert avsele som namneval.</p>
25	248002	Fonnastølsvatnet / Fodnastølsvatnet / Fodnasetvatnet	Fodnastølsvatnet (hovudnamn) – Fodnasetvatnet vert avsele som namneval	Vatn	<p><u>Uttale:</u> /fåd`nastø:lvatnE/, jf. ei lokal namnesamling frå 1979/1980.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Fodnasetvn i gradteigskart frå 1951, 1958, 1962 og 1974 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Fodnasetvnt i Norge 1:50 000 frå 1987 og 1995, Fodnasetvatnet i Norge 1:50 000 frå 2002 og 2010, Fonnastølsvatnet i økonomisk kartverk frå 1971, Fodnastølsvatnet i bøkene Jondal kommune gards- og slektssoge 1 (2003) og Stølane våre i Jondal kommune (2016).</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fodnastølsvatnet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Ettersom Fodnasete vert avsele som namneval, jf. løpenr. 24, fylgjer det at Fodnasetvatnet òg vert avsele. Der er det nemleg òg berre namneforma med -støl- som har støtte i uttaleopplysningane. Ut frå vanlege namnelagingsmønster både i Jondal og elles i regionen er det grunn til å rekna med at tradisjonell uttale har fuge-s i -støls-, slik at den nemnde uttaleforma utan fuge-s truleg berre er uttrykk for tilfeldig variasjon, jf. at forma -støls- er brukt elles i lokallitteraturen frå Jondal.</p> <p>Fodnastølsvatnet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

26	827078	Fonnastølsfossen / Fodnastølsfossen	Fodnastølsfossen	Foss	<p><u>Uttale:</u> /fåd`nastø:lfåss'n/, jf. ei lokal namnesamling frå 1979/1980.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Fonnastølsfossen i økonomisk kartverk frå 1971 og i ei lokal namnesamling frå 1979/1980.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fodnastølsfossen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 24 og 25.</p>
27	368303	Groto / Grjoto	Grjoto	Elv	<p><u>Uttale:</u> /grjo:`to/, jf. hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Groto i Norge 1:50 000 frå 1968, 1979, 1995, 1996 og 2007, Grjoto i hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970), s. 223.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen, men jf. løpenr. 31 og 32.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv fylgjande: "I Sogn og dei indre delane av Rogaland og Hordaland er skrivemåten Grjot- vedteken i 5 primærnamnsaker. Skrivemåten Grot- er ikkje vedteken i noka primærnamnsak i det same området. I den gjeldande rettskrivinga er skrivemåten grjot eineform. [...] Me tilrår at det aktuelle elvenamnet blir skriva Grjoto i offentleg samanheng. Skrivemåten med o-ending kjem på linje med innarbeidde namneformer som Vosso, Opo og Kinso."</p> <p><u>Vurdering:</u> Som Språkrådet peikar på, tilseier rettskrivinga skrivemåten Grjot-, og den skrivemåten vil i størst grad tydeleggjera meiningsinnhaldet i namnet, som ei hokjønnsavleiing av ordet grjot n. 'stein(-slag); snutt høg fjellslende'. Høyringsvara for dei to avleidde namna Grjotfljått og Grjottjørnane (løpenr. 31 og 32) tilseier òg ein skrivemåte med j.</p> <p>Grjoto vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

28	611304	<i>Grottdalen / Grjottdalen</i>	Grjottdalen	Dal	<p><u>Uttale:</u> /gr(j)o:t`da:len/, jf. hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Grottdalen i Norge 1:50 000 frå 1968, 1979, 1995, 1996 og 2007, Grjottdalen i hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970), s. 223.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Grjottdalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 27.</p>
29	550293	<i>Grotnuten / Grjotnuten</i>	Grjotnuten	Ås	<p><u>Uttale:</u> /gr(j)o:t`nu:ten/, jf. hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Grotnuten i Norge 1:50 000 frå 1968, 1979, 1995, 1996 og 2007, Grjotnuten i hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970), s. 57.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Grjotnuten.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 27.</p>
30	854277	<i>Grotstølen / Grjotstølen</i>	Grjotstølen	Bygg for jordbruk, fiske og fangst	<p><u>Uttale:</u> /gr(j)o:t`stø:len/, jf. hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Grotstølen i Norge 1:50 000 frå 1968, 1979, 1995, 1996 og 2007, Grjotstølen i hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970), s. 265.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Grjotstølen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 27.</p>

31	247265	<i>Grottjørnane / Grjottjørnane</i>	Grjottjørnane	Gruppe av tjørnar, ligg òg i Eidfjord kommune	<p>Ligg òg i Eidfjord kommune</p> <p><u>Uttale:</u> /gr(j)o:t`kødnane/, jf. hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Grottjne i Norge 1:50 000 frå 1968, 1979 og 1995, Grottjørnane i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2007, Grjottjørnane i hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970), s. 223.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Eidfjord fjellstyre og Eidfjord kommune ved formannskapet og målbruks- og namnenemnda går inn for Grjottjørnane, jf. løpenr. 32 nedanfor.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Grjottjørnane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 27.</p>
----	--------	-------------------------------------	----------------------	---	---

32	307345	Grjotfljått	Grjotfljått	Hei, ligg òg i Eidfjord kommune	<p><u>Uttale:</u> /grjo:t`fljaott/ i ei UiB-arkiverte stadnamnsamling frå Eidfjord, Grotflaot ifylgje høyringssvaret frå Eidfjord kommune, /gr(j)o:t`fl(j)aott/-fjaott/ i hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970), der Botolv Helleland nemner at ein òg høyrer kortforma Fljåtti /fljaot´tε/ om staden.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Grotflott i Norge 1:50 000 frå 1968, 1979, 1995, 1996 og 2007, Grjotfljått i hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970), s. 73 og i boka Langs blodfar på villfjell (1971) av Lars Vivelid, Grjotfljaott og Grjotfljott'æ i boka Makter og menneske 5 (1943).</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Formannskapet i Eidfjord kommune går inn for at namna Grjotfljått og Grjottjørnane vert skrivne med j. Målbruks- og namnenemnda i kommunen skriv fylgjande: "Etter samtalar med lokale meiner me at stadnamnet vert uttala "Grotflaot" på Eidfjord-dialekt. Me meiner alternativet "Grjotfljått" ligg nærare dialekta i Eidfjord enn skrivemåten "Grotflott". Set ein dette i samanheng med det andre stadnamnet, meiner me at det er mest naturleg at dette også då blir skriven med "j", altså "Grjottjørnane". Fjellstyret i Eidfjord går inn for Grjotflott og Grjottjørnane, og meiner at gamal skrivemåte og eksisterande namn tilseier ein skrivemåte med j.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv fylgjande: "I den UiB-arkiverte samlinga med stadnamn frå Eidfjord er namnet registrert med uttaleforma /grjo:t`fljaott/. Me tilrår at den offisielle skrivemåten blir lagd nær uttaleforma; namnet bør skrivast Grjotfljått. Denne skrivemåten er òg tilrådd av kommunen. (Det verkar sannsynleg at etterlekken i namnet heng saman med adjektivet flå (= 'flat / jamn og slett')." (framh.)</p>
----	--------	-------------	-------------	---------------------------------	--

32	307345	Grotflott		Hei, ligg òg i Eidfjord kommune	<p><u>Framh. tilråding:</u> "Jamfør òg med lokalitetsnemninga fljå(e) (f.) som i den indre delen av Hardanger ser ut til å vera nytta med tydinga 'jamt (og flatt) område (med lite vegetasjon)'. (I det nedarva lokale namnetilfanget er ordet som oftast brukt med bunden fleirtalsform.) Jamfør elles med substantiva fly (f.) og flå(e) (f. og m.) som begge er nytta med tydinga '(høgtiliggjande) slette'.)"</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Grjoto på løpenr. 27, som er primærnamnet til dette namnet, tilseier skrivemåten Grjot- i førelekken av dette namnet. Etterlekken fljått f. /fl(j)aott/ førekjem ikkje mykje korkje som samnamn eller i stadnamn i området, men Kortmarksfljåna vert delvis kalla Kortmarksfljåtti, der same namnelekken førekjem. Bruken av diftongen ao i /fl(j)aott/ fortel oss at namnelekken kjem av gamalnorsk lang a (á), som tradisjonelt har uttalen ao i dette området, og må i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp skrivast med å. Til liks med førelekken Grjot- er det litt varierende om j-en i etterlekken vert uttalt, men det mest tradisjonelle ser ut til å vera at j-en er med i uttalen, noko både nokre av uttaleopplysningane og fleire skriftlege kjelder tyder på.</p> <p>Grjotfljått vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
33	793354	Grotbotnen / Grjotbotnen	Grjotbotnen	Botn søraust for Onkjelsvatnet	<p><u>Uttale:</u> /gr(j)o:t`båtne/, jf. arkivkort til hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Grotbotnen i Norge 1:50 000 frå 1968, 1979, 1995, 1996 og 2007, Grjotbotnen i hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970), s. 313.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Grjotbotnen, og peikar på at namnet er ført opp med oppslagsform Grjotbotnen i Botolv Helleland si hovudoppgåve Noko om stadnamn frå Hardangervidda vest. Dei legg til at i det lokale talemålet har ordet botn forma /'båtne/ i bunden form eintal.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 27.</p> <p>Grjotbotnen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

34	247451	<i>Grothaugen / Grjothaugen</i>	Grjothaugen	Haug aust for Træshøgdi	<p><u>Uttale:</u> /gr(j)o:t`hèujen/, jf. hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Grothaugen i Norge 1:50 000 frå 1968, 1995, 1996 og 2010, Grjothaugen i hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970), s. 313.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Grjothaugen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 27. Grjothaugen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
35	1081996	<i>Hausaviki</i>	Hausaviki	Vik i sjø, mellom Hausaneset og Trones	<p><u>Uttale:</u> Namneforma Hausavikjæ i boka Hardingar på sjøen frå 1995 ligg venteleg nær uttalen.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Hausavikjæ i boka Hardingar på sjøen (1995), s. 312 og i tidsskriftet Hardanger 1979, s. 82, Hausaviki i tidsskriftet Hardanger 1973, s. 396–397.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Hausaviki. Dei syner til at det på garden Hauso finst fleire tilsvarande avleiingsformer med a-fuge, m.a. Hausaneset, Hausanuten og Hausastølen, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p> <p><u>Vurdering:</u> I punkt 6 i dei utfyllande reglane, som Språkrådet syner til, står det følgjande: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Som dei skriv, tilseier uttalen og tidlegare vedtak at dette namnet får ein skrivemåte med a-fuge. Hausaviki vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

36	1072400	<i>Jåstadrundenuten</i>	Jåstadrundenuten	Topp	<p><u>Uttale:</u> Namn med tilsvarende namnelekkar har lokalt /jaoss'tù-/ og /rùn`denu:ten/ som uttaleformer, jf. boka Ullensvang – heimar og folk 2 (2014), s. 175 og Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 298. Førelekk Jåstad- er brukt for å skilja namnet frå Rundenuten, ein nut på fjellegga ovanfor Velure som òg vert kalla Velurerundenuten lokalt.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Jåstadrundenuten i bøkene Til topps - på Solnuten i 75 år (2010), s. 71 og I skørfeste (2016), s. 64.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Jåstadrundenuten.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Jåstadrundenuten er uproblematisk, både Jåstad- og -rundenuten samsvarar med skrivemåten som er brukt i andre stadnamn i området frå før. Namnet vart teke med i saka for å få det formalisert for offentleg bruk. Jåstadrundenuten vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

37	706576	<i>Kiggjabakkane / Kidjabakkane</i>	Kidjabakkane	Bakke	<p><u>Uttale:</u> /kji'ja-bákj'kjènn/, jf. boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 47, /kji-ja-/ i boka Vandring i gammal og ny tid (1999), s. 99. Helge Buer opplyser uttalen /kji`jabakkanè/, og presiserer at namnet er i fleirtal fordi det er to Kidjabakkar: Øvste og Nedste Kidjabakken.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kiggjabakkane i økonomisk kartverk frå 1964, Kidja-bakken i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 47, Kiggjabakken i hovudfagsoppgåva Rekonstruksjon av Holocen skredaktivitet og brefluktuasjon i Buerdalen (1998), s. 62.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kidjabakkane. Dei opplyser at førelekken er ei gamal genitiv fleirtalsform av substantivet kje n. 'geitunge', i gamalnorsk kið, og at namnet venteleg er nytta med tydinga 'bakkane der kjea går på beite'.</p> <p><u>Vurdering:</u> Ordet kje hadde forma kiðja eller kiða i genitiv fleirtal i gamalnorsk, og det er tydelegvis den fyrstnemnde ordforma som har halde seg heilt fram til i dag i dette stadnamnet. Det språkhistoriske opphavet tilseier att /-jj-/ her må normerast som -dj- i samsvar med opphavet og norske rettskrivingsprinsipp, jf. t.d. ordet <i>tredje</i> av gamalnorsk <i>priðja</i> .</p> <p>Kidjabakkane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
38	732077	<i>Kidjabakketinden</i>	Kidjabakketinden	Fjellkant	<p><u>Uttale:</u> /kji-ja-/ i boka Vandring i gammal og ny tid (1999), s. 99. Helge Buer, grunneigar på bruk 51/2, opplyser uttalen /kji`jabakkètind'n/ på telefon med Kartverket.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kidjabakke-tinden i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 47.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kidjabakketinden, og peikar på at denne skrivemåten har vore i bruk frå før.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 37.</p>

39	66368	Klokkarane / Klokkaren / Klokkerane	Klokkarane	Varde	<p><u>Uttale:</u> //klåk`karanE/, jf. ei lokal namnesamling frå 1979/1980.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Klokkerane i Norge 1:50 000 frå 1952, Klokkarane i gradteigskart frå 1951, 1958, 1962 og 1974 og i Norge 1:50 000 frå 1987, 1995, 2002 og 2010. Klokkarane er òg brukt i boka Liv og lagnad på garden Indre Bleie (2010), s. 67. I boka Stølssoaga vår (2007) er Klokkarane brukt fem gonger og Klokkaren éin gong (s. 72). Skulebornsoppskriftene frå 1930-40-åra har Klokkaren oppført som namneform.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Klokkarane med tilvising til uttaleopplysninga i den nemnde namnesamlinga og merknaden som står der: "partiet på høgda sørom Klypestjørn. Her er det murt fleire vardar for å visa kor den gamle gongevegen går. Desse vardane har truleg gitt området namn."</p> <p><u>Vurdering:</u> Det har kome fram solide opplysningar både når det gjeld uttale og skrifttradisjon som tilseier at fleirtalsforma av namnet vert vidareført. Opplysninga i namnesamlinga Språkrådet siterer frå, tyder på at namnet er eit fellesnamn på fleire vardar og området mellom dei, og då tilseier òg realtilhøva på staden at namnet vert ståande uendra i fleirtal.</p> <p>Klokkarane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

40	1077926	Kløvet / Klyvet	Kløvet	Vegkryss mellom rv. 13 og E134	<p><u>Uttale:</u> /klý've/, jf. den utrykte teksten Ord bruka i stadnamn (1947), s. 82. Der står det at ordet klyv n. tyder 'kleiv' eller 'bratt bakke'. Det nyare tettstadmålet i Odda har ikkje lyden /ý:/, so der er /klø:və/ vorte ei vanleg uttaleform.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kløvet i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 50, Jøsendalskløvet i boka Odda Røde kors 50 år (1991), s. 18, Kløvet i boka Heim – ei vandrehistorie av Hallgeir Opedal (2019), s. 203.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv fylgjande: "Det er her venteleg tale om bunden eintalsform av inkjekjønnsordet klyv, eit substantiv som då heng saman med verbet klyva / kliva og som er nytta som nemning på kleivar, det vil seia gangevegar der ein må klyva (klatra) for å komma seg fram. Staden det dreier seg om i denne saka, ligg nær grensa mot sunnhordlandskommunen Etne. I Rogaland og i ein (ytre) del av Hordaland er det ein sterk tradisjon for skrivemåtar som Kløv, Kløve og Kløvet. Skrivemåten med ø er i tråd med den uttaleforma som er nytta i denne regionen. På nettsida Hordanamn er namneforma Kløv /klø:v/ registrert både i Suldal, på Stord og i Tysnes. Same namneforma finst i Nedre Krossdalen i tidlegare Jondal kommune. I SSR er Kløv registrert som eineform i ni tilfelle på Sørvestlandet. [...] Me tilrår at det namnet me har føre oss i denne saka, blir skriva Kløvet i offentleg samanheng."</p> <p><u>Vurdering:</u> I området er Kløvet i dag eit velkjent namn på staden der rv. 13 møter E134, men tradisjonelt er nok namnet vorte brukt om den bratte brekka opp til denne staden. Uttalen /klø:və/ er nok so å seia einerådande i nærområdet no, og det er difor rimeleg å ta omsyn til den regionale normeringspraksisen for Kløv- med ø, som Språkrådet syner til.</p> <p>Kløvet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

41	281947	Krikken / Krikkjen	Krikken – i samansetningar: Krikka-	Slette	<p><u>Uttale:</u> /krik`ken/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 279.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Krikken i økonomisk kartverk frå 1971, Krikkjen i boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 279.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet peikar på at eit likelydande namn er registrert i Kinsarvik, og der er det i tillegg notert to avleidde namn, /krik`kahå:lo/ og /krik`kalê:e/, som båe har a-fuge. Dei tilrår at det primære teignamnet og bruksnamnet på Aga vert skrive Krikken og at det avleidde vegnamnet blir skrive Krikkavegen, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p> <p><u>Vurdering:</u> For dette namnet må det vurderast både korleis namnet bør skrivast når det står usamansett og kva form det skal ha i samansetningar med t.d. -vegen. Namnet består av ordet krikk m. 'krok; sving i lendet'. I bunden form får ein i målføret generelt palatalisering av /k/ til /k/ føre linne vokalar som t.d. /e/, slik at uttalen i bunden form vert /krik`ken/. Men det bryt med gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk å skriva dette med -j-, og skrivemåten må difor verta Krikken i samsvar med rettskrivinga og skrifttradisjonen i kart, slik Språkrådet tilrår.</p> <p>Like i nærleiken av Krikken har ein det avleidde namnet Krikkheldren, jf. boka Ullensvang – frå fjell til fjøre (2016), som er utan fuge-a, men der har nok a-en i Krikka-falle bort pga. vokalsamanstøyt (pga stum h), so i samansetningar med etterlekkar som byrjar med konsonant er det difor meir rimeleg å samanlikna med Krikkahola /krik`kahå:lo/ og Krikkaledet /krik`kalê:e/. Desse samansetningane syner at ordet krikk får forma Krikka- med samansetnings-a i målføret. Ei samansetning Krikk(j)en- som i Krikkjenvegen bryt med systemet både i målføret og elles i norsk, sidan bunden form fell bort når eit ord står som førelekk i ei samansetning.</p> <p>Krikken vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. I samansetningar får namnet skrivemåten Krikka-, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
42	(i matr.)	Krikken	Krikken	Bruk 164/25	Jf. løpenr. 41
43	1037520	Krikkjenvegen / Krikkavegen		Adressenamn	Ullensvang kommune er vedtaksmynde

44	368241	<i>Kvitno</i>	Kvitno	Namnegard (fellesnamn for 69 og 147/8)	<p><u>Uttale:</u> /kvi`ttnó/, jf. bokverket Norske Gaardnavne.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kvitno i Norge 1:50 000 frå 1952, 1988, 1995, 2003 og 2011 og i økonomisk kartverk frå 1964.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kvitno, og peikar på at det er i tråd med den nedervde, lokale uttalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Kvitno er uproblematisk, og samsvarar med både skrifttradisjonen, uttalen og norske rettskrivingsprinsipp. Namnet vart teke med i denne namnesaka i samband med at skrivemåten av namnet Kvitnovik/Kvitnaviki skulle vurderast.</p> <p>Kvitno vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
45	1083528	<i>Indre Kvitno</i>	Indre Kvitno	Gard 69	<p><u>Uttale:</u> /ind`re kvitt`no/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kvitne i 1886- og 1906-matrikkelen, Kvitno i 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Kvitno og Indre Kvitno i boka Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid 3.2 (1967), s. 399, der det står fylgjande: "Indre Kvitno høyrer til Odda, Ytre Kvitno til Ullensvang og er matrikulert under Måge."</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Indre Kvitno.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 44.</p>
46	(i matr.)	<i>Kvitno / Indre Kvitno</i>	Indre Kvitno	Bruk 69/1	Jf. løpenr. 44 og 45

47	(i matr.)	Ytre Kvitno	Ytre Kvitno	Bruk 147/8	<p><u>Uttale:</u> /yʈt`re kvitt`no/, jf. boka Ullensvang 2 – Heimar og folk (2014), s. 12.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Nygård i 1950-matrikkelen, Ytre Kvitno i gjeldande matrikkel og i bøkene Ættarbok for Vikebygdkrinsen 1900–2005 (2005), s. 18, Ullensvang 2 – Heimar og folk (2014), s. 13 og Mågesoge (2013), s. 194–195. I gamal grunnbok står namnet Nygård overstroke og erstatta med Ytre-Kvitno.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Ytre Kvitno.</p> <p><u>Vurdering:</u> Ytre Kvitno er det gamle namnet her, og det nylaga namnet Nygård har aldri slege rot, noko som er venteleg er grunnen til at det seinare vart stroke att og erstatta med det tradisjonelle namnet.</p> <p>Ytre Kvitno vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
48	732240	Kvitnelvi / Kvitnaelvi / Kvitnoelvi	Kvitnelvi	Elv	<p><u>Uttale:</u> /kvit`nèlvè/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 210.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kvitnoelve i Norge 1:50 000 frå 1952, Kvitnoelvi i sjøkart frå 1959, 1968, 1979, 1988 og 1999, 2009 og 2015, Kvitnaelva i økonomisk kartverk frå 1964, Kvitnelvi i økonomisk kartverk frå 1971, Kvitneelva i boka Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid 3.2 (1967), s. 399, Kvitnelvè i boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 210.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kvitnelvi. Dei peikar på at namnet Kvitno normalt har utmerkingsforma Kvitna-, men når den tillagde etterlekk tek til på ein vokal, har den utlydande a-en i utmerkingsforma lett for å verta sløyfa, slik det har skjett her.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket deler Språkrådet si vurdering. Når det er bortfall av fugevokal (elisjon) i uttalen føre ein etterfylgjande vokal, er det vanleg å lata det verta reflektert i skrivemåten, jf. t.d. Hauselvi, som er vedteken skrivemåte av eit elvenamn på garden Hauso, der andre stadnamn avleidde av gardsnamnet har forma Hausa-, t.d. Hausanuten. Skrivemåten Kvitnelvi er òg innarbeidd frå før på denne staden, og det er naturleg å vidareføra same skrivemåte som før.</p> <p>Kvitnelvi vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

49	893763	Kvitnovik / Kvitnaviki	Kvitnaviki	Vik i sjø	<p><u>Uttale:</u> Ikkje opplyst.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kvitnovk i sjøkart frå 1959, 1968, 1979, 1988 og 1999, Kvitnoviki i sjøkart frå 2009 og 2015.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kvitnaviki. Når det gjeld bruk av i-ending, syner dei til det dei skriv om namneformene Austdalselvi og Kvitnelvi. Namnet Kvitno har utmerkingsforma Kvitna-, jf. /kvIt`nada:len/.</p> <p><u>Vurdering:</u> Det er naturleg at namnet får same samansetningsmåte som andre namn avleidde av namnet Kvitno, som har forma Kvitna- i samansetningar, t.d. Kvitnadalen, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Som Språkrådet peikar på, ligg staden i eit område der det er tradisjon for å normera stadnamn med i-ending når dei endar på bunden form eintal av sterke hokjønnsord.</p> <p>Kvitnaviki vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
50	732237	Kvitnadalen	Kvitnadalen	Dal, går frå Kvitno til Raunsdal	<p><u>Uttale:</u> /kvIt`nada:len/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 210.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kvitnadalen i økonomisk kartverk frå 1971 og i Norge 1:50 000 frå 1988, 1995, 2003 og 2011.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kvitnadalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 44 og 49.</p>
51	309641	Kvitnadalen	Kvitnadalen	Dal, går frå Blådalen til Raunsdal	<p>Ligg i Kvinnherad</p> <p><u>Uttale:</u> /"kvitnada:l*n/, jf. ei lokal namnesamling frå Kvinnherad.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kvitnadalen og Kvitnodalen i Norge 1:50 000 frå 1952, Kvitnadalen i Norge 1:50 000 frå 1988, 1995, 2003 og 2011.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kvitnadalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 44 og 49.</p>

52	733187	<i>Kvitnadalsvatna</i>	Kvitnadalsvatna	Gruppe av tjørnar	<p>Ligg i Kvinnherad <u>Uttale:</u> /'kvitnadalsvatno/, jf. ei lokal namnesamling frå Kvinnherad. <u>Skrifttradisjon:</u> Kvitnadalsv^{no} i Norge 1:50 000 frå 1952, Kvitnadalsvatna i Sentralt stadnamnregister frå 1988. <u>Høyringsssvar:</u> Ingen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kvitnadalsvatna. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten Kvitnadals- følger av løpenr. 51, medan skrivemåten -vatna følger av uttalen, gjeldande rettskriving og lokal normeringspraksis for stadnamn i Kvinnherad. Kvitnadalsvatna vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
53	125235	<i>Insta Kvitnadalsvatnet</i>	Insta Kvitnadalsvatnet	Tjørn	<p>Ligg i Kvinnherad <u>Uttale:</u> Jf. løpenr. 52. <u>Skrifttradisjon:</u> insta Kvitnadalsvnt i Norge 1:50 000 frå 1988 og 1995, Insta Kvitnadalsvatnet i Norge 1:50 000 frå 2003 og 2011 og i boka Folgefonna og fjordbygdene (2008), s. 427. <u>Høyringsssvar:</u> Ingen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Insta Kvitnadalsvatnet. <u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 52.</p>
54	733186	<i>Midtra Kvitnadalsvatnet</i>	Midtra Kvitnadalsvatnet	Tjørn	<p>Ligg i Kvinnherad <u>Uttale:</u> Jf. løpenr. 52. <u>Skrifttradisjon:</u> midtra Kvitnadalsvnt i Norge 1:50 000 frå 1988 og 1995, Midtra Kvitnadalsvatnet i Norge 1:50 000 frå 2003 og 2011 og i boka Folgefonna og fjordbygdene (2008), s. 427. <u>Høyringsssvar:</u> Ingen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Midtra Kvitnadalsvatnet. <u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 52</p>

55	672191	Heimsta Kvitnadalsvatnet	Heimsta Kvitnadalsvatnet	Tjørn	<p>Ligg i Kvinnherad</p> <p><u>Uttale:</u> Jf. løpenr. 52.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> heimsta Kvitnadalsvnt i Norge 1:50 000 frå 1988 og 1995, Heimsta Kvitnadalsvatnet i Norge 1:50 000 frå 2003 og 2011 og i boka Folgefonna og fjordbygdene (2008), s. 427.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Heimsta Kvitnadalsvatnet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 52</p>
56	835786	Kvitno / Kvitnabru		Bru	Vestland fylkeskommune er vedtaksmynde
57	1081263	Langadal	Langadal	Dal nordom Grimelvi	<p><u>Uttale:</u> /lan`gada:l/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 329.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Langadal, jf. bøkene Ullensvang 2 – Heimar og folk (2014), s. 256 og Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 329.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Langadal.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Langadal er uproblematisk. Namnet vart teke med i denne namnesaka for å få det formalisert for offentleg bruk. Bruken av fuge-a er uvanleg føre hankjønnsord, og tyder på ei gamal oblik kasusform frå gamalnorsk. Saman med den ubundne forma i etterlekken tyder det på at dette er eit gammalt namn.</p> <p>Langadal vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

58	490475	<i>Langefonn / Longefonn</i>	Longefonn	Fonn sør for Vendevatnet	<p><u>Uttale:</u> /lån`gùfånn/, jf. hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Langefonn i Norge 1:50 000 frå 1968, 1995, 1996 og 2010, Longefonn i boka Halldor Meland – Eit liv i tonar (1976), s. 64.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Longefonn, og skriv fylgjande: "Føreleken kjem venteleg av den gamle svake hokjønnsforma lɔngu (i oblikt kasus) av adjektivet lang. (Jamfør med punktet 3.8 i dei utfyllande reglane.) Den same adjektivforma finn me att i namnet /lån`gUKødn/, eit namn som er knytt til ei tjørn på garden Rogdo i Ullensvang. Det vart vedteke 10. juli 2018 at dette namnet skal skrivast Longetjørn i offentleg samanheng. (Dialekten har ikkje generell runding av /a/ til /å/ i adjektivforma lang.)"</p> <p><u>Vurdering:</u> I punkt 3.8 i dei utfyllande reglane, som Språkrådet syner til, står det fylgjande: "Når dialektar har bevart gammalnorske trekk som elles har falle bort i norsk, [...] kan det visast i skrivemåten." Til liks med i Langadal er det ei oblikt kasusform som er bevart i dette namnet, og slike gamalnorske trekk opnar regelverket for å bruka i normeringa av stadnamn.</p> <p>Longefonn vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
59	766640	<i>Langkammane / Langhamrane</i>	Langhamrane	Rygg	<p><u>Uttale:</u> /lang`hamrane/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 109.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Langkammane i økonomisk kartverk frå 1971, Langhamrane i boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 109.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Langhamrane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Namneforma Langkammane må vera ei feiltolking av namneteksten i namnemanuset til økonomisk kartverk, der namna vart skrivne for hand. Langhamrane er den einaste rimelege skrivemåten av namnet, som består av orda lang adj. og hammar m. 'bratt bergvegg, knaus'.</p> <p>Langhamrane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

60	463553	Laugehaugane / Legehaugane	Legehaugane	Tømmervelte	<p><u>Uttale:</u> /lè: `gùhèugane/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 78.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Laugehaugane i økonomisk kartverk frå 1971, Lègehaugane i boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 78.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Legehaugane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Laugehaugane må vera ein redigeringsfeil i samband med namninga i økonomisk kartverk av denne staden, som ligg like sørom Lauvhogg. Namnet er ei samansetning av orda lege f. 'liggjeplass for dyr' og haug m. Legehaugane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
61	828474	Melane	Melane	Bakke	<p><u>Uttale:</u> /mè:lane/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 120.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Melane i økonomisk kartverk frå 1971, Mèlane i boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 120.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Melane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Namnet er ei fleirtalsform av ordet mel m. 'sandbakke langs ei elv', og Melane er soleis i samsvar med gjeldande rettskriving. Melane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
62	1077920	Melafossen	Melafossen	Foss i elva Opo ved Lofthus	<p><u>Uttale:</u> /mè: `lafåssen/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 120.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Melafossen i boka Opedal – saga um ein gard i Hardanger (1995),s. 129, Mèlafossen i boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 120.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Melafossen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Melafossen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

63	1078245	Middy	Middy	Dal	<p><u>Uttale:</u> Middy står oppført tri gonger som uttale i ei lokal namnesamling frå Røldal. Eit tilsvarande namn mellom Hildalsdalen og Ljosavatnet ved Reinsnos er oppgjeve med uttalen /Míd`dýr/ i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 60 og /ˈmid:y:r/ i hovudoppgåva Stadnamn i Oddadalen og tilgrensande fjellområde (1976), s. 201, og uttalen er sannsynleg den same her. Nils-Ove Hauge opplyser på e-post at Middy er brukt som namn heile vegen frå Middybruna og opp til Austra Middyrvatnet, medan Oddbjørn Lynghammar meiner at namnet òg dekkjer Vestra Middyrvatnet. Tor Nilsson brukar både /mìd`dy:r/ og /mìd`dy:rda:len/ som namneformer, men han meiner Middy utan -dalen er den eigentlege namneforma lokalt.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Middy i kroski 1:100 000 frå 1912, "Middy (trang dal)" i Høyfjellskommisjonens forhandlingar, kjennelser og dommer 1909-1916 (1917), s. 196, Middy i Kulturhistorisk vegbok for Hordaland (2009), s. 401 og i boka Vandring i gammal og ny tid (1999), s. 162–163.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Middy, og skriv fylgjande: "Det er tenkjeleg at namnet Middy opphavleg har hatt forma Middyskar(et). I begge namna er namnelekkjen Dyr-/dyr visseleg inkjekjønnsordet dyr nytta med tydinga 'reinsdyr'."</p> <p><u>Vurdering:</u> Språkrådet har truleg rett i at det er ordet dyr n. 'reinsdyr' som ligg føre her, jf. uttalen med spiss (rein) y. Teorien om at staden opphavleg har hatt forma Middyskar(et) verkar òg sannsynleg, jf. bruken av namneforma "Midt-Dyrskars Kj" for Middyrvotna ("Kjønnene"). Det er ikkje nokon annan skrivemåte enn Middy som har vist seg aktuell å vurdere for dette namnet.</p> <p>Middy vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
----	---------	-------	-------	-----	---

64	1078246	Middyrvotna / Middyrsvotna / Middyrvatna	Middyrvotna	Gruppe av vatn	<p><u>Uttale:</u> Middyrvotna står oppført som uttale i ei lokal namnesamling frå Røldal, der o-en venteleg skal lesast som /å/. I skulebornsoppskriftene frå 1930–40-åra står namneforma Midyrsvåtna. På telefon opplyser Oddbjørn Lynghammar uttalen /mid`dyrvåtna/. Han er ikkje kjend med bruk av fuge-s i nokon av namna der Middyrvotna står i samansetningar.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> (v og ø) Middyrvand i kroki 1:100 000 frå 1912, Middyrvotna i gradteigsmålinga frå 1956 og i Rapport fra kontaktutvalget Kraftutbygging-naturvern (1971), s. 71, Middyrvatna i Røldal bygdebok (1960), s. 15 og i Røldal bygdebok 1 (2017), s. 84.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Middyrvotna, og syner til normeringspraksis for Votna/-votna i området og pkt. 3.8 i dei utfyllande reglane: "Når dialektar har bevart gammalnorske trekk som elles har falle bort i norsk, [...] kan det visast i skrivemåten."</p> <p><u>Vurdering:</u> Me har ikkje funne noka stadfesting på bruk av ein samansetningsmåte med s-fuge lokalt i dag, slik namneforma Midyrsvåtna i skulebornsoppskriftene kunne tyda på, og då vert det rett å bruka samansetningsmåten Middyrvotna- slik Språkrådet tilrår, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane. Skrivemåten -votna i etterlekken er i samsvar med den lokale uttalen /-våtna/ og normeringspraksisen for -votna som fleirtalsform av vatn elles i området. Som Språkrådet er inne på, står denne fleirtalsforma i nær samanheng med fleirtalsforma vøtn i gamalnorsk. Middyrvotna vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 3.8 og 6 i dei utfyllande reglane.</p>
----	---------	--	--------------------	----------------	---

65	4604	Middyrvatnet / Austra Middyrvatnet	Austra Middyrvatnet (hovudnamn) / Insta Middyrvatnet (undernamn) – <i>Middyrvatnet</i> vert avslege som namneval	Vatn	<p><u>Uttale:</u> Oddbjørn Lynghammar opplyser på telefon at uttalen er /èust`ra middyrvatnə/, og det er namnet han brukar sjølv. Han kjenner òg til at Insta Middyrvatnet /i:ns`ta middyrvatnə/ vert brukt heilt lokalt, men meiner at det vert for lokalt for offisiell bruk, der Austra vert meir eintydig. Tor Nilsson opplyser /i:n`(è)sta middyrvatnə/ som lokalt namn, men han meiner òg at Austre heller bør brukast i kart.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Middyrvatnet i Norge 1:50 000 frå 1969, Austra Middyrvatnet i Norge 1:50 000 frå 1994 og 1997, Middyrvatnet i Norge 1:50 000 frå 2006.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Austra Middyrvatnet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Retningsorda Austra og Vestra med ulike skrivemåtar har vore mest brukte i kart og andre samanhengar, men det er heller ikkje noko i vegen for å bruka Heimsta og Insta som retningsord. Det er heilt vanleg med slike namneformer elles i Vestland fylke, jf. t.d. løpenr. 53 og 55, og det er nok Heimsta og Insta som byggjer på den mest genuine og eldste tradisjonen lokalt. Men sidan Austra og Vestra er mest innarbeidde i skrift, og dei formene òg er vortne innarbeidde i lokal tradisjon, er det grunnlag for å fylgja lokale ynske og setja dei namneformene som hovudnamn. Insta og Heimsta vert sette som undernamn, slik at dei formene òg er tilgjengelege for offentleg bruk. Alle retningsorda får a-ending i samsvar med lokal seiemåte, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Austra Middyrvatnet vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, og Insta Middyrvatnet vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn. Middyrvatnet usamansett har dels vore brukt både på det austre og det vestre vatnet, men det er tvitydig sidan det er to vatn, og har ikkje grunnlag i lokal namnetradisjon. Middyrvatnet vert difor avslege som namneval.</p>
----	------	--	--	------	---

66	125248	Middyrvatnet / Vestra Middyrvatnet	Vestra Middyrvatnet (hovudnamn) / Heimsta Middyrvatnet (undernamn) – <i>Middyrvatnet</i> vert avslege som namneval	Vatn	<p><u>Uttale:</u> Oddbjørn Lynghammar opplyser på telefon at uttalen er /vès`ra middyrvatnə/, og det er namnet han brukar sjølv. Han kjenner òg til at Heimsta Middyrvatnet /hæims`ta middyrvatnə/ vert brukt lokalt, men meiner at det vert for lokalt for offisiell bruk, der Vestra vert meir eintydig. Tor Nilsson opplyser /hèim`è)sta middyrvatnə/ som lokalt namn, men han meiner òg at Vestre heller bør brukast i kart.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Middyrvnt i Norge 1:50 000 frå 1970, Vestra Middyrvatnet i Norge 1:50 000 frå 1994 og 1995, Middyrvatnet i Norge 1:50 000 frå 2006.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vestra Middyrvatnet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Vestra Middyrvatnet vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, og Heimsta Middyrvatnet vert fastsett som skrivemåte av undernamnet. Middyrvatnet usamansett vert avslege som namneval, jf. løpenr. 65.</p>
----	--------	--	--	------	--

67	610890	<i>Middyrrustene</i>	Middyrrusta	Ås	<p><u>Uttale:</u> På e-post opplyser Oddbjørn Lynghammar at Middyrrusta og Middyrrustene er brukt som namneformer lokalt. Tor Nilsson kjenner til namneforma /mìd'dyrrusta/, men han brukar det ikkje sjølv, og ser mest på det som eit kartnamn.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Middyrsrustene i ei rektangelmåling frå 1856, Middyrrusten i kroki 1:100 000 frå 1912, Middyrrusta og Middyrrusten i Høgfjellskommisjon si ords Kurd (Røldalsforretninga) frå 1917, Middyrrustene i ei gradteigsmåling frå 1956, Middyrrustene i Norge 1:50 000 frå 1969, 1994, 1997 og 2006, Middyrrusti i Norge – Geografisk leksikon 2 (1963). I Haukeliseter – Stavanger Turistforenings årbok 1989, står fylgjande: "Midtdyr-rusti heter nuten nordom Dyrskar slik teledølene ser den. Verjestein-nuten er navnet på samme fjellet vestfra."</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Middyrrustene.</p> <p><u>Vurdering:</u> I skriftleg bruk har både eintals- og fleirtalsforma lang tradisjon, men i den grad dette namnet er nytta munnleg lokalt, ser det ut til å vera brukt i eintal. Etter framstillinga i den nemnde årboka, kunne det sjå ut som Middyrrusta og Verjesteinsnuten er det same, men i kart har det iallfall vorte innarbeidd ein meir differensiert namnebruk der Middyrrusta er brukt om den relativt flate høgda (1599 moh.) vest for Verjesteinsnuten. Det som står i årboka tyder på at namnet har eintalsform i Telemark òg. Punkt 2 i dei utfyllande reglane fastset fylgjande: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen." Middyrrusta vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 2 i dei utfyllande reglane.</p>
68	65871	<i>Middyrelva</i>	Middyrelva	Bekk	<p><u>Uttale:</u> På e-post opplyser Oddbjørn Lynghammar at Middyrelva er brukt som namneform lokalt.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Middyrelva i ei gradteigsmåling frå 1956 og i Norge 1:50 000 frå 1969, 1994, 1997 og 2006.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Middyrelva.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 63 og 64.</p>

69	705532	Mjelkestølredet / Mjølkestølreet	Mjelkestølsreet	Annan terrengdetalj	<p><u>Uttale:</u> Mjelkestølsreet står oppført som uttale i ei lokal namnesamling frå Røldal. Mjelkestølsree står oppført som namneform i skulebornsoppskriftene frå 1930–40-åra, og det er venteleg ei uttalenær namneform.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Mjelkestølredet i økonomisk kartverk frå 1971.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Mjelkestølsreet, og skriv fylgjande: "I ulike stadnamnsaker som er gjennomførde på Sørvestlandet i seinare tid, er skrivemåten Mjelk- vedteken i 18 tilfelle. Skrivemåten Mjelk- må reknast som ei regional form som samsvarer fullt ut med den uttalen som det aktuelle appellativet har i størsteparten av denne regionen. (Etterlekken i namnet kan gjerne ha same bakgrunnen som namnet Re, eit namn som er nytta som gards- og bygdenamn fleire stader i landet. Sjå om dette på side 358 i 1997-utgåva av Norsk stadnamnleksikon.) (Skrivemåten -redet kan gi assosiasjon til substantivet reir (i bokmål rede).)"</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket deler Språkrådet si vurdering. Skrivemåten Mjelk- er i samsvar med regional normeringspraksis for ordet mjølk. Tilsvarande er det normeringspraksis for skrivemåten -reet for ein namnelekk som har rettskrivingsforma red n. '(bakke)kant, bakkerygg, res', der skrivemåten -redet både kan gje feil uttale og feil tolking av namnet. Skrivemåten -reet er vedteken i fleire andre stadnamn tidlegare i Ullensvang: Steintjørnreet, Istjørnreet og Holmavassreet.</p> <p>Mjelkestølsreet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og § 3 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.</p>

70	430303	Myrtakleiv / Murtakleiv	Murtakleiv	Bakke (sti)	<p><u>Uttale:</u> /mur`taklāv/ eller /mÿr`ta-/, jf. hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Myrtakleiv i i Norge 1:50 000 frå 1995, 1996 og 2008, Murtakleiv i tidsskriftet Hardanger 1977, s. 298 og i boka Opedal – saga um ein gard i Hardanger (1995), s. 23.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Murtakleiv. Dei skriv at det er tenkjeleg at førelekken i namnet på eitt eller anna vis heng saman med småfisknemninga murt m. Attmed Rogdaberg er /mUr`tastain/ registrert som ein "stein som ligg uti sjøen", og det er skrive at der er ein "[g]od fiskeplass".)</p> <p><u>Vurdering:</u> Fiskenemnet mort m. 'karpefisk, Rutilus rutilus' har open u-uttale i målføret, /mùrt/, medan stadnamnet Murtakleiv har uttalen /mør`taklāv/ med spiss u, der u-en nesten liknar ein tysk ü: /mür`taklāv/. Dette er namnet på ei murd tropp på stølsvegen som er laga for å få farande veg for storfe og hestar. Det er rimeleg å rekna med at namnet har tydinga 'den murde kleiva', der Murta- er ei partisippform av verbet å mura. Det er elles vanleg at korte u-ar i hardingmålet har open uttale ù, som europeisk u, men vokalkvaliteten med spiss u vert halden nokolunde uendra der u-en vanlegvis er lang, men berre vert kort i visse bøyingsformer, slik som i fortidsformene av verbet mura. Dei korte, spisse u-ane kan då til ei viss grad likna på korte y-ar, og det er nok det som har gjeve skriftforma Myrtakleiv med y på denne staden i kart. Men Murtakleiv med u har vore brukt i lokallitteraturen, og lokalt har nok medvitet om tydinga av namnet i ein viss mon halde seg.</p> <p>Murtakleiv vert fastsett som skrivemåte i samsvar med tydinga og § 4 i lov om stadnamn.</p>

71	914847	Nupsredet / Nupsridet / Nupsreet	Nupsreet	Rygg	<p><u>Uttale</u>: Nupsree står oppført som uttale i ei lokal namnesamling frå Røldal.</p> <p><u>Skrifttradisjon</u>: Nupsridet i Norge 1:50 000 frå 1969, Nupsredet i i Norge 1:50 000 frå 1994, 1997 og 2006.</p> <p><u>Høyringsvar</u>: Ingen.</p> <p><u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Nupsreet, og syner til det dei skriv om Mjelkestølsreet.</p> <p><u>Vurdering</u>: Jf. løpenr. 69.</p>
72	985731	Ravnaberg	Ravnaberg	Fjellside, ovom Urheim	<p><u>Uttale</u>: /rav`nabèrg/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 84.</p> <p><u>Skrifttradisjon</u>: Ravnaberg i boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre frå 2016.</p> <p><u>Høyringsvar</u>: Ingen.</p> <p><u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Ravnaberg.</p> <p><u>Vurdering</u>: Skrivemåten Ravnaberg er uproblematisk, og samsvarar med både uttalen og norske rettskrivingsprinsipp. Namnet vart teke med i saka for å få det formalisert for offentleg bruk.</p> <p>Ravnaberg vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

73	1081971	Revso / Refso	Revso	Elv	<p><u>Uttale:</u> /rèf`so/ eller /rèv`so/ i teksten Ord bruka i stadnamn (1947) av Kristofer Eitrheim og Olai Skulerud, som set namnet i samanheng med dyrenemnet rev m. Dei samanliknar namnet med elvenamnet Reinso ved Reinsnos. Olav Løyning, grunneigar i området, opplyser både /rèfs`èlvè/ og /rèf`so/ som namneformer pr. telefon.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Revsa i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 70, Revso i boka Noko om stadnamn i Odda (1958), s. 91, Revso i tidsskriftet Hardanger (1941), s. 101</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Revso.</p> <p><u>Vurdering:</u> Dei usamansette elvenamna er i stor grad nokre av dei aller eldste stadnamna ein har i Noreg, og namnet er truleg svært gamalt. Namnet fylgjer eit mønster der ein fyrst har fått eit s-suffiks etter grunnordet, og seinare endinga -o, jf. Reinso og Kinso andre stader i kommunen. Det verkar rimeleg å sjå namnet i samanheng med dyrenemnet rev, slik Eitrheim og Skulerud gjer, og det tilseier at namnet får skrivemåten Revso og ikkje Refso. Namneforma /rèfs`èlvè/ er nok ei nyare sekundærlaging av namnet, jf. /rèf`sèda:lsvatnè/ for Revsevotna, som vert opplyst av same informanten.</p> <p>Revso vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
----	---------	------------------	-------	-----	---

74	489185	Revseggi / Revsegga	Revsegga	Fjell	<p><u>Uttale:</u> /rèffs'èj'jè/, jf. boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 70.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Revseggi i Norge 1:50 000 frå 1970, 1994, 1995 og 2006 og i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 70.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Revsegga, og syner til at fjellpartiet ligg på grensa mot Røldal, der talemålet har a-ending.</p> <p><u>Vurdering:</u> Rettskrivingsforma for sterke hokjønnsord i dag er med a-ending i bunden form både i bokmål og nynorsk, og det er rimeleg å velja rettskrivingsforma i eit grenseområde for bruken av a- og i-endingar i kommunen, slik Språkrådet tilrår, jf. at a-endingar er brukt i Røldal og vidare nedover Oddadalen. Namnet er ei avleiing av elvenamnet Revso, og Revseegga kunne her vera eit alternativ, men den trykklette e-en fell her bort når han vert etterfylgd av ein ny vokal.</p> <p>Revsegga vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
----	--------	------------------------	----------	-------	---

75	429157	Revseiddalen / Revsedalen / Revsedalane	Revsedalen	Dal	<p><u>Uttale:</u> /rèf'sèdalanè/, "siste ordet javnt trykk", jf. boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 70. Olav Løyning, som er lokal grunneigar, opplyser uttalen /rèf`sèda:l'n/ pr. telefon.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Revsedalen i Norge 1:50 000 frå 1970, Revseiddalen i Norge 1:50 000 frå 1994, 1995 og 2006.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Revseiddalen. Dei syner til at dalen går opp mot eit skard som ber namnet Revseidet, og skriv at det difor er sannsynleg at det er namnet Revseidet som ligg til grunn for førelekken i dalnamnet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Uttalen /rèf'sèdalanè/ tyder på at namnet er ei beinvegs avleiing av elvenamnet Revso, og ikkje ei avleiing av Revseidet, so namneforma Reivseid- her er nok ei nyare feiltolking av namnet. Elva Revso renn gjennom heile dalen, og det er vanleg at dalar har namn etter elva som renn gjennom dei. Punkt 6 i dei utfyllande reglane tilseier soleis skrivemåten Revse- i førelekken: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Endinga -dalen har heile tida vore brukt med denne skrivemåten i kart, og sidan den forma òg vert stadfest av grunneigaren i området, er det rimeleg at -dalen vert vidareført i eintal, noko topografien i området òg tilseier.</p> <p>Revsedalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
76	854155	Revseidet	Revseidet	Eid	<p><u>Uttale:</u> /rèfs'àiè/, jf. boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 29.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Revseidet i Norge 1:50 000 frå 1970, 1994, 1995 og 2006, Revse-eidet i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 29.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at Revseidet er ei vedteken namneform.</p> <p><u>Vurdering:</u> Til liks med Revsegga er dette namnet ei avleiing av elvenamnet Revso. Revseeidet kunne soleis vera eit alternativ her, men den trykklette e-en fell her bort når han vert etterfylgd av ein ny vokal, jf. løpenr. 74.</p> <p>Revseidet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

77	307176	Revsvatni / Revsvatna / Revsevotna	Revsevotna	Gruppe av vatn	<p><u>Uttale:</u> /rè'fsè-vòttnè/, jf. boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 70. Olav Løyning, som er grunneigar lokalt, opplyser uttalen /rèf'sèda:lsvatnè/ som uttale.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Revsvatna i Norge 1:50 000 frå 1970 og i boka Vandring i gammal og ny tid (1999), s. 79, Revsvatni i Norge 1:50 000 frå 1994, 1995 og 2006, Revse-vatni og "frå største Revsevatnet" i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 70 og 29.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at det er notert ei opplysning i SSR om at Revsevotna er nytta som namn på desse vatna. Dei tilrår skrivemåten Revsevotna, jf. Middyrvotna.</p> <p><u>Vurdering:</u> Opplysninga i SSR har boka Stadnamn frå gardane i Odda som kjelde, der uttalen /rè'fsè-vòttnè/ står oppført. Som for dei andre namna i dette området, er venteleg elvenamnet Revso primærnamn her, som har samansetningsmåten /rèff'sè-/ med e-fuge. Namnet ligg i grenseområdet mellom områda der ein brukar i-ending og a-ending i stadnamn i Ullensvang kommune, men her er det mest naturleg å bruka a-ending i -votna sidan det samsvarar med bruken i Røldal og elles i Oddadalen. Revsevotna vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

78	1081997	<i>Russhagen / Rosshagen</i>	Russhagen	Bruk 202/6	<p><u>Uttale:</u> /rå`sshajinn/ ifylgje bokverket Norske Gaardnavne (NG), der det står at bruket har namnet av at staden har høyrte til Råe (gnr. 200) tidlegare. I NG står det elles at gardsnamna Råen eller Røen i Ryfylke og Hordaland må koma av ei elles ukjent sterk hokjønnsform av ordet ruð n. 'rydning'. I boka Ullensvang – Heimar og folk 2 (2014), s. 231 står uttalen /rùss`ha:jen/ oppført, og der står det m.a. fylgjande om namnet: "Av uttalen høyrer ein at førelekken i namnet ikkje kan vera avleitt av hross m. 'øyk', men at det heller kjem av namnet på grannegarden, Råè, på gamalnorsk Ruð eller Ruðin. Hage, på gamalnorsk hagi m., tyder framleis 'beite' i hardingmål, så teigen kan på eit tidspunkt ha vore beite for Indre Råè."</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Raashagen og Raaen i 1886-matrikkelen, Raashaugen og Raaen i 1906-matrikkelen, Rosshagen og Raaen i 1950-matrikkelen, Rosshagen og Råen i gjeldande matrikkel, Roshagen i boka Ullensvang – en historisk-topografisk-statistisk Beskrivelse (1907), Rosshagen i Ættar-bok for Kinsarvik (1931), Råshagen i boka Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid 5.1 (1974), Russhagen i boka Ullensvang 2 – Heimar og folk (2014).</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Amund Velken, grunneigar på bruk 202/13, skriv at dei brukar Russhagen som namneform.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Russhagen. Dei skriv at det verkar noko uklart kva ord som ligg til grunn for førelekken i namnet, men syner til regelen i § 4 i stadnamnlova som seier at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>
----	---------	----------------------------------	------------------	------------	---

78	1081997	Råshagen		Bruk 202/6	<p><u>Vurdering:</u> Teorien i Norske Gaardnavne (NG) og i bygdeboka Ullensvang – heimar og folk om at namnet kjem av gardsnamnet Råe (gnr. 200), verkar rimeleg ut frå staden bruket ligg. Uttalen som står i NG er heilt ukjend lokalt, der /rùss´ha:jen/ med open u og einstavingstonelag er einerådande. Lydutviklinga i namnet Råe frå gamalnorsk tid til i dag (Ruð > /rå:´è/ er uvanleg, for kort u i gamalnorsk som har fått vokallengjing, har vanlegvis gått over til /ù:/ i målføret. Men det førekjem andre døme lokalt på utviklinga u > /å:/, t.d. i hokjønnsordet fuð > /få:/ 'bakende, fu'. Det ser likevel ut til at den vokalkvaliteten ein normalt skulle venta, er bevart der kort vokalkvalitet òg er bevart, slik som i namnet Russhagen. Det ville bryta med den lokalt nedervde uttalen å bruka skrivemåten Rås-, der ein fylgde skrivemåten i primærnamnet Råe i dette namnet, og det ville òg føra namnet lenger bort frå det språklege opphavet. Skrivemåten Rosshagen ville på tilsvarande vis vera misvisande for uttalen, og det kunne skyggja for meiningsinnhaldet, jf. at Rosshagen er eit namn som førekjem fleire stader der med tydinga 'hestebeite', jf. gamalnorsk hross m. 'øyk, hest'. Skrivemåten Russ- tek i størst grad omsyn både til opphavet ruðs- (med assimilering -ðs- > -ss-), vanleg uttale i dag og lokale ynske.</p> <p>Russhagen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 1 og 4 i lov om stadnamn.</p>
----	---------	----------	--	------------	---

79	(i matr.)	Rossbakken / Russbakken	Russbakken	Bruk 202/13	<p><u>Skriftradisjon</u>: Rossbakken i skylddelingsforretninga frå 1941, i 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Russbakken i boka Ullensvang – heimar og folk 2 (2014), s. 232.</p> <p><u>Høyringsvar</u>: Amund Velken, grunneigar på bruk 202/13, skriv at dei brukar Russhagen som namneform.</p> <p><u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Russhagen med tilvising til merknaden frå Amund Velken.</p> <p><u>Vurdering</u>: Ein må rekna med at førelekken Russ-/Ross- i namnet på dette bruket er henta frå førelekken Russ- i namnet på bruk 202/6 (løpenr. 78), og skrivemåten bør difor vera lik som på hovudbruket. Bruken av -bakken som etterlekk i namnet på bruk 202/13 er eintydig brukt i alle skriftlege kjelder, og er nok vald ved fråskiljinga for å skilja bruket frå hovudbruket – òg i namnebruken. Det er ikkje noko haldepunkt i stadnamnlova for å kunna byta ut namnet på bruk 202/13 med namnet som er brukt på bruk 202/6.</p> <p>Russbakken vert fastsett som skrivemåte i samsvar med løpenr. 78 (Russ-) og skriftradisjonen (-bakken), jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
80	1077972	Røysi	Røysi	Vegkryss	<p><u>Uttale</u>: /råy'sè/ og /kråssvålrsråysè/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 121.</p> <p><u>Skriftradisjon</u>: Krossvøllsrøysæ og Røysæ i boka Opedal – saga um ein gard i Hardanger (1995), s. 102, Røysi i boka Folk or gamal tid 7 (1997), s. 49.</p> <p><u>Høyringsvar</u>: Ingen.</p> <p><u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Røysi. Dei syner til at staden ligg i tidlegare Ullensvang herad, der i-ending har normeringspraksis, og til det dei har skrive om Austdalselvi.</p> <p><u>Vurdering</u>: I punkt 4.1.2 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn står det fylgjande: "Sterke hokjønnsord kan i bunden form eintal få [...] -i når dialektuttalen er -i eller -ei, og når det er normeringstradisjon for å nytte -i." I dette området er det ein sterk normeringspraksis for i-endingar, slik Språkrådet peikar på. Røysi vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 4.1.2 i dei utfyllande reglane.</p>

81	1082473	<i>Sauabreen</i>	Sauabreen	Isbre, brearm på sørsida av Folgefonna	<p>Ligg òg i Etne kommune</p> <p><u>Uttale</u>: Sigmund Lundal har opplyst uttalen /sèu`abre:èn/ til Kartverket pr. telefon.</p> <p><u>Skrifttradisjon</u>: Sauabreen i NVE-publikasjonen Glasiologiske undersøkelser i Norge 1994 og 1995 (1997), s. 36–39, i Norges isbreer (1991), s. 36, og i boka Folgefonna og fjordbygdene (2008), s. 388–389.</p> <p><u>Høyringsssvar</u>: Ingen.</p> <p><u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Sauabreen, og legg til at breen strekkjer seg mot ein nut som heiter Sauanutten.</p> <p><u>Vurdering</u>: Skrivemåten Sauabreen er uproblematisk, og samsvarar med både uttalen og norske rettskrivingsprinsipp. Namnet vart teke med i saka for å få det formalisert for offentleg bruk.</p> <p>Sauabreen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

82	248154	Skjenaseter / Skjenasete	Skjenasete (hovudnamn) – Skinastølane vert avslege som namneval	Seter/støl	<p><u>Uttale:</u> /sjê:ˈnasè:te/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 404.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Skinastølane i gradteigskart frå 1938, 1954, 1958, 1962 og 1974 og i Norge 1:50 000 frå 1952, 1987, 1995, 2002 og 2010, Skinasæter i boka Makter og menneske 16 (1987), s. 23, Skinaseter i boka Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid. 5.1 (1974), s. 451, Skjenaseter i økonomisk kartverk frå 1971, Skjenasete i bøkene Ullensvang – heimar og folk 2 (2014), s. 348 og Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 404.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Grunneigar Lars Johan Alvsaker skriv at dei i skriftleg samanheng har brukt Skinasete som skrivemåte etter at han overtok bruket i 1980. Dei støtta seg då på utskiftingskart frå 1952 som nyttar nemninga Skina- i førelekken, boka Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid 5.1 (1974), i tillegg til at dei var i kontakt med m.a. namnekonsulent Kjell Erik Steinbru for å få råd om rett skrivemåte. Han meiner at det i ulike kjelder ser det ut til å vera semje om at fyrste lekken av namnet ber same tydinga anten det vert skrive som Skina- eller Skjena-. Boka Hardanger-målet (1960) fører opp skina "røma for mygg og klegg (om kyr); uttale: skjina." Når det gjeld etterlekken i namnet, peikar han på at det ikkje er vanleg å nytta seter om stølsområde, og at det difor er sete som er den rette nemninga her. Han har sett stølsnamnet verta skrive som -stølane i siste lekken somme stader, men i munnleg tale på Alsåker har han berre høyrte brukt -sete i siste lekken, ikkje -stølane. Han avsluttar med at spørsmålet vert om ein i skrivemåten skal ta omsyn til eldre skrivemåte/opphav eller munnleg uttale. Slik han ser det, er det Skinasete eller Skjenasete som er aktuelle alternativ. På bruket hans har dei nytta skrivemåten Skinasete.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at førelekken i dette stølsnamnet heng saman med verbet skjena, som har forma /sjê:ˈna/ i det lokale talemålet, og dette verbet har skrivemåten skjena i dei gjeldande rettskrivingsordlistene. Dei tilrår difor skrivemåten Skjenasete.</p>
----	--------	-----------------------------	--	------------	--

82	248154	Skinastølane		Seter/støl	<p><u>Vurdering:</u> Det er litt usikkert kva som er opphavet til førelekken i dette namnet. På grunn av fuge-a-en i namnet kan det ikkje vera beinvegs verbavleiing, for verb får e-fuge i dette området når dei står i ei samansetning. Dersom namnet likevel har samanheng med verbet skjena 'røma for mygg og klegg (om kyr)', jf. det tilhøyrande substantivet skjen n., tilseier det skrivemåten Skjena- sidan dette verbet i dag har skrivemåten skjena. Ei anna mogleg tolking kan vera at førelekken kjem av skin n. 'glans, ljøs(stråling)', som òg har ein uttale /sjê:n/ med trong e i målføret. Når opphavet til ein namnelekk er usikkert, fastset § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn at namnet skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp. Det tilseier at ein legg skrivemåten nær opptil uttalen, og i mindre grad tilpassar skrivemåten ut frå ei bestemt språkleg tolking av namnet. I denne saka vil det tilseia ein skrivemåte med e i førelekken i samsvar med uttalen.</p> <p>Skjenasete vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.</p>

83	402635	Skåndalen	Skåndalen (hovudnamn) / Skamdalen (undernamn)	Dal	<p><u>Uttale:</u> /skaon`da:len/ og /skamm`da:len/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 122, /"skaondal'n/, jf. tidsskriftet Namn og nemne 1989, s. 64.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Skamdalen i økonomisk kartverk frå 1971, Skåndalen i tidsskriftet Namn og nemne 1989, s. 64, Skaondalen og Skamdalen i boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 122 og i boka Opedal – saga um ein gard i Hardanger (1995), s. 224. På s. 64 i den sistnemnde boka står det "der det no heiter Skamdalen", som kan tyda på at dette er eit yngre namn (enn Skåndalen).</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv fylgjande: "I øvre enden av den aktuelle dalen ligg det ein støl som ber namnet /skaod`nasè:tU/. (Sjå på nettsida Hordanamn.) I SSR er stølsnamnet registrert med skrivemåten Skådnasete som vedteken form. Dei opplysningane som er førde opp på sida Hordanamn, tykkjest ikkje gi noka forklaring på kva som er bakgrunnen for stølsnamnet. I den store samlinga med namn frå tidlegare Ullensvang herad er det berre dette eine namnet som er registrert med førelekken Skåd- (/ Skaodn-). Dalnamnet me har føre oss i denne saka, er ført opp med to munnlege former, /skaon`da:len/ og /skamm`da:len/. Det er opplyst at namnet gjeld ein "heller lang dal der Ringolvsbekk renn". Vidare står det: "Ei stor skrede laga dalen her 1743, skreda sopte langs Ringolvsbekk til sjøen. Namnet er vel etter skreda. Det er mykje urd i dalen. Båe dalsidene er svært bratte. Somme seier Skamdalen, andre seier Skaondalen." I samlinga finst det ingen andre namn med førelekkane Skån- (/ Skaon-) og Skam-. Namnelekkane bør skrivast Skån- og Skam- i offentleg samanheng. Det er godt tenkjeleg at det er ein samanheng mellom førelekkane "Skaon-" (i dalnamnet) og "Skaodna-" (i det nemnde stølsnamnet)." (Framh.)</p>
----	--------	-----------	--	-----	--

83	402635	Skamdalen		Dal	<p><u>Framh. tilråding:</u> "Det at det blir nytta konsonantsambandet /dn/ i førelekken i stølsnamnet, tyder på at det der er tale om ei opphavsform med konsonantsambandet rn. Dette kan gjere det relevant i denne sammenhengen å jamføra med den vekslinga mellom formene "Bjønn-" og "Bjødna-" som me har i ein god del lokale stadnamn. (Kva for eit konkret ord det kan dreia seg om i den saka me har føre oss no, finn me det både vanskeleg og unødvendig å seia noko om.) Det er mogleg – men slett ikkje sikkert – at uttaleforma "Skamdalen" er utvikla frå forma "Skaondalen". Somt kan difor tala for at begge dei to namneformene bør registrerast i SSR. Om denne løysinga blir vald, er det mest tilrådeleg, slik me ser det, å la Skåndalen bli registrert som hovudform og Skamdalen bli registrert som underform."</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket deler fullt ut Språkrådet si vurdering. Både Skåndalen og Skamdalen er tradisjonelt nedervde namn, og som dei peikar på, er det truleg at Skåndalen /skaon`da:len/ har den eldste tradisjonen. Dét namnet står best i samanheng med stølsnamnet Skådnasete i nærleiken, og det gjev difor best samsvar i kartet om Skåndalen står som hovudnamn.</p> <p>Skåndalen vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, medan Skamdalen vert fastsett som skrivemåte av undernamnet i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

84	490104	Slevåna	Sleveåna (hovudnamn) / Slevo (undernamn)	Bekk	<p><u>Uttale:</u> /Slèvó/ og /Slèv'aóne/ i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 81, /slɛ̀vo/ og /slɛ̀vəonə/, jf. boka Noko om stadnamn i Odda (1958), s. 100. I sistnemnde kjelde står det at bekken kan ha gjeve namn til stølen, som då har fått dativsform. På s. 20 i den same boka skriv Mentz Rynning Nielsen at det at sterke hokjønnsord som endar på rotvokal, får n-innskot i bunden form: tao'na, kro'na, ái'na, men at berre den eldste informanten hans har a-ending, dei andre sa tao'nə, kro:'nə osv. I teksten Ord bruka i stadnamn (1947), s. 165 er /slèvo/ og /slèv`aona/ oppgjevne som uttaleformer, og det er ein merknad der om at uttalen /Slèv`aoæ/ er mest brukt no (ser ut til å vera retta frå /Slèvå/). I tidsskriftet Hardanger 1941 er Slevo lista opp på s. 101 som eitt av fleire usamansette elvenamn i området som enno lever. I eit høyringssvar opplyser Kristen D. Eitrheim at uttalen, slik han kjenner den munnlege overleveringa, har vore /slɛ̀vəonə/ eller /slɛ̀veəonə/.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Sleveåna i økonomisk kartverk frå 1964 og i boka Vandring i gammal og ny tid (1999), s. 35, Slevåni i Norge 1:50 000 frå 1988, 1995, 2003 og 2011, Slevåna etter samlevedtak om -åna i Sentralt stadnamnregister 04.12.2013, Slèvó og Slèv-åi i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 81, Slevo og Slevåi i boka Noko om stadnamn i Odda (1958), s. 100, Slevo i boka Makter og menneske 7 (1951), s. 139, Sleveelvi i boka Eitrheim i Odda (1984), s. 27, Slæveåna i ei utskiftingsforretning over utmarka til Eitrheim frå 1935.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kristen D. Eitrheim skriv at uttalen på Eitrheim, slik han kjenner den munnlege overleveringa, har vore slɛ̀vəonə eller slɛ̀veəonə. Slevo, som Kristofer og Tormod K. Eitrheim og Mentz Rynning Nielsen òg dokumenterer, har han derimot ikkje høyrte brukt. Han meiner at Slevo ikkje kan ha vore nytta på mange generasjonar. Slik han forstår «Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn», so meiner han at Slevo dermed er å rekna som utdøydd. (Framh.)</p>
----	--------	---------	---	------	---

84	490104	Slevåni		Bekk	<p><u>Framh. høyringsvar:</u> Sjølv har han valt å skriva Sleveåne, som samsvarer med namnebruken i utskiftinga i 1935, og som tek utgangspunkt i skrivemåten Sleveåni på eldre kart. Han meiner at Slev- utan e ikkje kan nyttast pga. lov om stadnamn § 4 tredje ledd, der det står at "skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel [skal] vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta". Ut frå føresegnene i § 3 i forskrift om stadnamn og uttalen med e-ending i bunden form av sterke hokjønnsord, ynskjer han at etterlekkjen skal skrivast -åne. Han går soleis inn for at namnet får skrivemåten Sleveåne.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv fylgjande: "I Ullensvang kommune er det gjort ein god del vedtak for stadnamn med etterlekkjar som er bundne eintalsformer av sterke hokjønnsord. Den normeringslinja som har vorte følgd her i seinare tid, er illustrert i den medsende biletfila [...]. Mellom Kartverket og Språkrådet har det vore semje om denne linja. Semja inneber at det blir nytta skrivemåtar med a-ending i sør og sørvest, blant anna i Røldal, Oddadalen, tettstadsområda Tyssedal og Odda og i sørvestre delen av tidlegare Jondal kommune. Den elva det er tale om i denne saka, ligg i nærområdet til tettstaden Odda." Dette gjer at me vil tilrå skrivemåten Sleveåna. (Me tek her utgangspunkt i den uttaleforma med e-fuge som Kristen D. Eitrheim nemner i brevet sitt. Jamfør med punkt 6 i dei utfyllande reglane.) (Sjå elles det me har skriva om namneforma Austdalselvi.)"</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>
----	--------	---------	--	------	--

84	490104	Slevåne		Bekk	<p><u>Vurdering:</u> Dei usamansette elvenamna er i stor grad den eldste stadnamnklassen me har i Noreg, og det er grunn til å rekna med at det òg er primærnamnet til dei andre Slev-namna i denne saka. Slike namn vert ofte erstatta heilt eller delvis av nye sekundærnamn, jf. namnelaginga Eitro (elv) > Eitrheim (gard) > Eitrheimselva (elv). På tilsvarande vis får usamansette elvenamn i visse samanhengar ofte tillagt ein forklarande etterlekk for å tydeleggjera for folk utan lokalkunnskap at det er snakk om ei elv, jf. bruken av "Opoelva" for Opo i Odda. Det er soleis grunn til å rekna med at den opphavleg nedervde namneforma på denne staden er Slevo, medan Sleveåna med etterlekken -åna er ei nyare sekundærform, sjølv om den namneforma òg kan tenkjast å vera over 100 år gamal. Definisjonen på eit nedervt <i>stadnamn</i> lyder slik i § 2 bokstav d i lov om stadnamn: "stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar". Definisjonen av nedervd, lokal <i>uttale</i> lyder derimot slik: "nedervd lokal uttale: uttale som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk". I motsetnad til for ei bestemt uttaleform, er det altså ikkje krav om at eit stadnamn (uavhengig av uttale) må overleverast munnleg, dei kan òg overleverast skriftleg. Namnet Slevo er overlevert i fleire skriftlege kjelder, slik me har sett, og lever soleis iallfall skriftleg i ein skriftradisjon som iallfall inntil nyleg baserte seg på ein tilsvarande munnleg tradisjon. Ein stor del av stadnamna i offentleg bruk har berre ein levande tradisjon i skriftleg bruk, og det vil difor vera for strengt i dag, der munnleg tradering av stadnamn skjer i stadig minkande grad, å krevja at alle stadnamn i offentleg bruk òg skal vera brukt aktivt munnleg. (Framh.)</p>
----	--------	---------	--	------	---

84	490104	Slevo		Bekk	<p><u>Framh. vurdering:</u> Det må soleis reknast å vera tradisjon for to namn på denne åa, Slevo og Slev(e)åna. Skrivemåten Slevo fylgjer av den vanlege normeringspraksisen med -o i usamansette elvenamn. Etterlekken i det andre namnet må skrivast -åna med -na i samsvar med normeringspraksisen elles for sterke hokjønnsord av denne typen i heile Ullensvang. I området har det tradisjonelle bygdemålet etter gamalt endinga -æ i bunden form eintal av sterke hokjønnsord, men dei hokjønnsorda som endar på rotvokalen i ubunden form, får tradisjonelt -na i denne delen av Hardanger, jf. bruksnamnet Øyna /åy'na/ i Oddadalen. Som Språkrådet peikar på, er det òg normeringspraksis for a-ending elles i sterke hokjønnsord i Røldal, Oddadalen og i tettstadsområdet i Odda og Tyssedal, som denne staden må reknast inn under. E-endingar har ikkje normeringspraksis i slike namn i Ullensvang, og det ville difor bryta med vanleg praksis og med vanleg talemål i dette området å innføra e-endingar her. Skrivemåten av samansetningsfuga, Slev- med nullfuge eller Sleve- med e-fuge, vert ikkje regulert av § 4 tridje ledd i lova, men av punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Sidan det er lokalt ynske om e-fuge på denne staden, og e-fuge førekjem i ein av uttalevariantane, vurderer me at Sleveåna kan nyttast, jamvel om skrivemåten Slevåna òg hadde heilt innanfor regelverket. Sidan det er ynske om den samansette namneforma lokalt, set me Sleveåna som hovudnamn og Slevo som undernamn. Sleveåna vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, medan Slevo vert fastsett som skrivemåte av undernamnet i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 4.1.5 og 6 i dei utfyllande reglane.</p>

85	490102	Slevedalen	Sleve (hovudnamn) – Slevedalen vert avslege som namneval	Seter/støl	<p><u>Uttale:</u> /Slèvè/ i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 81, /slè`vé/ i den utrykte teksten Ord bruka i stadnamn (1947), s. 165.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Sleve Sr i amtskartet frå 1867, Slevedalen Sr i Norge 1:50 000 frå 1952, Slevedalen i Norge 1:50 000 frå 1988, 1995, 2003 og 2011, Sleve i boka Eitrheim i Odda (1984), s. 20, i boka Noko om stadnamn i Odda (1958), s. 100, og i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 81.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> I eit høyringsvar skriv Kristen D. Eitrheim at namnet Slevedalen er rett, men at merknaden "seter/støl" er feil, og at Slevedalen er eit beiteområde til stølen Sleve.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Slevedalen, men syner til lokalitetsopplysninga som står i høyringsvaret frå Kristen D. Eitrheim.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket legg Kristen D. Eitrheim si presisering til grunn for namnebruken på staden, noko som òg vert stadfest elles i lokallitteraturen. Mistydinga om at Slevedalen er stølsnamn har ført til feilaktig namnebruk i kart i mange tiår, men dette kan no rettast opp, slik at Sleve vert teke i bruk att som stølsnamn, medan Slevedalen kan takast i bruk i offentlege kart som namn på dalen nordaust for stølen i samsvar med namnebruken lokalt. Endinga -e i dette namnet kjem venteleg av ei eldre dativsform *Slefu (*Slevù), jf. boka Stadnamn frå gardane i Odda, s. 81, og det tilseier skrivemåten Sleve med -e.</p> <p>Sleve vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Slevedalen vert avslege som namneval på stølen.</p>
86	1087951	-	Slevedalen	Dal	<p><u>Uttale:</u> Ikkje opplyst.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> (om dalen/beiteområdet): Slevedalen i boka Eitrheim i Odda (1984), s. 40 og 48, i boka Makter og menneske 5 (1943), s. 46 og i tidsskriftet Hardanger 1944, s. 125.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> I eit høyringsvar skriv Kristen D. Eitrheim at Slevedalen er namn på eit beiteområde til stølen Sleve.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Slevedalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Slevedalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn, jf. løpenr. 85.</p>

87	247092	<i>Slevebekken</i>	Slevebekken	Bekk	<p><u>Uttale:</u> Ikkje opplyst.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Slevebkn i Norge 1:50 000 frå 1988 og 1995, Slevebekken i i Norge 1:50 000 frå 2003 og 2011, Slevebekken i boka Eitrheim i Odda (1984), s. 20 og 36.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Kristen D. Eitrheim har ingen merknader til namneforma Slevebekken.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Slevebekken.</p> <p><u>Vurdering:</u> Slevebekken vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
88	949551	<i>Stovebakken</i>	Stovebakken	Bakke	<p><u>Uttale:</u> /stå: `vèbak`kèn/ vert opplyst som uttale av Olav Buer på telefon med Kartverket.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Stovebakken i økonomisk kartverk frå 1964 og i hovudfagsoppgåva Rekonstruksjon av Holocen skredaktivitet og brefluktuasjon i Buerdalen (1998), s. 62.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet gjev ikkje tilråding for namnet, men skriv at det kan henda at namna Stovebakken og Storbakketinden heng saman, og at dei to namna ev. bør sendast til ny høyring i kommunen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Uttaleforma opplyst av Olav Buer stadfester at skrivemåten Stovebakken i økonomisk kartverk er rett. Namnet har ikkje nokon samanheng med Storebakketinden oppe på fjellegga.</p> <p>Stovebakken vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

89	732079	Storbakketinden	Storebakketinden	Fjellkant	<p><u>Uttale:</u> /sto: `rèbakkètind'n/ vert oppgjeve som uttaleform av Helge Buer, grunneigar på bruk 51/2 og av Olav Buer på bruk 51/3, båe på telefon med Kartverket. Dei opplyser at staden har namn etter ein utmarksteig som heiter Storebakken /sto: `rèbak`kèn/, og som ligg om lag 800-900 meter over havet.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Storbakketinden i Norge 1:50 000 frå 1988, 1995, 2003 og 2011.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet gjev ikkje tilråding for namnet, men skriv at det kan henda at namna Stovebakken og Storbakketinden heng saman, og at dei to namna ev. bør sendast til ny høyring i kommunen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Opplysningane frå Helge og Olav Buer gjer det klart at namna Stovebakken og Stor(e)bakketinden ikkje har noko med kvarandre å gjera. Storebakketinden har namn etter Storebakken lenger oppe i bratthenget, og Storebakken ligg i direkte tilknytning til Storebakketinden. Som ein skulle venta, har adjektivet <i>stor</i> linn bøyning Store- her, slik det er vanleg i samansette namn på Vestlandet når adjektivet står som førelekk.</p> <p>Storebakketinden vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

90	463495	Strengaberget / Strengjaberget	Strengjaberget	Berg ovanfor Ernes	<p><u>Uttale:</u> /strɛŋ`jabɛrje/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 101.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Strengaberget i økonomisk kartverk frå 1971, Strengjabergjet i boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 101.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Strengjaberget, og legg til at namnet bør skrivast i tråd med den samansetjingsmåten det har i den lokale munnlege namnetradisjonen, det vil seia med ja-fuge, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane. Dei legg til at hankjønnsordet streng (strengr) gamalnorsk hadde genitivsformene strengja (pl.) og strengjar (sg.).</p> <p><u>Vurdering:</u> I punkt 6 i dei utfyllande reglane, som Språkrådet syner til, står det fylgjande: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Som dei skriv, tilseier både tydinga og uttalen her ja-fuge. I målføret ville namneforma Strengaberget tilseia ei tyding 'det strenge berget', og skrivemåten er difor misvisande for meiningsinnhaldet. I den nemnde boka Ullensvang – frå fjell til fjøre går det fram at namnet kjem av at det tidlegare var strengjefeste for løypestreng på staden.</p> <p>Strengjaberget vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

91	949593	Stykket / Lillesletten / Litlasletta / Litlesletta	Stykket (hovudnamn) / Litlasletta (undernamn)	Bruk 350/6	<p><u>Uttale:</u> /styK`KE/, jf. ei lokal namnesamling frå 1979/1980, der namnet har fylgjande merknad: "Det gamle og jamvel idag mest nytta namnet på br. 4. Ligg rett utom Storasletta. 'Papirnamnet' er Lillesletten."</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Lillesletten i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen, i gjeldande matrikkel og i økonomisk kartverk frå 1971, Stykket i Norge 1:50 000 frå 1988, 1995 og 2008, Litlesletta i bygdebøkene Strandebarv og Varaldsøy i gamal og ny tid 2 (1950), s. 490 og Jondal kommune – gards- og slektssoge 2 (2003), s. 1019, der det står "Også nemnt som Stykkjet."</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Stykket.</p> <p><u>Vurdering:</u> Det tilgrensande bruk 350/5 har Storasletta som godkjend og prioritert namneform i Sentralt stadnamnregister (SSR), og det namnet er registrert med uttalen /sto:`rasletto/ i namnesamlinga frå 1979/1980. Det er mest rimeleg å fylgja same normeringsmønster for namnet på bruk 350/6, dvs. å bruka a-samansetning i Litla- i samsvar med dialektuttalen og endinga -a i -sletta i tråd med rettskrivinga, slik at det vert samsvar mellom skrivemåten på bruk 5 og 6. Bruken av Litla- eller Vetla- varierer litt frå stadnamn til stadnamn i dette området, men Vetla- ser ut til å vera vanlegast. Sidan namnet Lillesletten/Litlasletta fyrst og fremst er eit skriftnamn, er det likevel mest naturleg å fylgja skriftradisjonen for namnet og vidareføra Litl- heller enn å endra det til Vetl-.</p> <p>Skrivemåten Stykket av det andre namnet på bruket er uproblematisk.</p> <p>Stykket vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Litlasletta vert fastsett som skrivemåte av undernamnet i samsvar med § 4 i lov om stadnamn, pkt. 6 i dei utfyllande reglane og lokal normeringspraksis.</p>

92	247408	Stødet / Støet / Støi	Støet	Skog på sørsida av Ringedalsvatnet	<p><u>Uttale:</u> /stø'è/ (tostavingstonelag) i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 89.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Stødet i Norge 1:50 000 frå 1968, 1995, 1996 og 2010, Stødet i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 89, Støet i tidsskriftet Hardanger, s. 119.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Støi. Dei reknar med at det her er tale om hokjønnsordet stø/sto, som er nytta med tydinga 'stakkstø / lagringsplass i utmarka for høy eller lauv', jf. ein merknad i SSR om staden: "Tidlegare skog og beitemark, tidvis slo dei her." Dei jamfører med namnet Stakkstøi på garden Ytre Råe i Ullensvang, på nettsida Hordanamn: /stakk`stø:è/. Når det gjeld bruk av i-ending, syner dei til det dei skriv om namnet Austdalselvi.</p> <p><u>Vurdering:</u> Slik normeringa hittil òg tyder på, må dette namnet bestå av inkjekjønnsordet støe, som m.a. kan tyda 'stad der noko står, har stått el kan stå; opphaldsstad'. Namnet har nemleg tostavingstonelag, og då kan det ikkje vera eit sterkt hokjønnsord. Tolkninga til Språkrådet kan likevel vera rett når det gjeld tydinga, for ordet stakkstøe er eit inkjekjønnsord i hardingmål. Namnet Stakkstøi, som dei syner til på garden Ytre Råe, kunne vera ei fleirtalsform, men er nok heller ei feilnormering av Stakkstøet. Skrivemåten støde med d fall bort med 1938-rettskrivinga i nynorsk, og er ikkje lenger aktuell å bruka i dag. Støet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

93	612119	Sævarhagen / Severhagen / Sæverhagen	Sævaro (hovudnamn) / Sævarhagen (undernamn)	Gard 303	<p><u>Uttale:</u> I bokverket Norske Gaardnavne står det fylgjande om uttalen: "Udt. sæ:`varhajinn, i daglig Tale mest sæ:`varó;, [sæ:`varå:]." I ei lokal namnesamling frå 1979/1980 står uttalen /sè:varå/. I boka Jondal i gamal og ny tid (1953), s. 441 står det at bygdeuttalen er Sævarå. I ein artikkel av Lars Severin Eide i tidsskriftet Hardanger 1948 står det fylgjande på s. 434: "Garden sitt offisielle namn er Sæverhagen eller Sævarhagen. I dagleg tale vert garden nemnd for Sævaro eller Sævare, som kan tydst: garden, bustaden eller heimen ved sjøen." I boka Jondal kommune – gards- og slektssoge 1 (2003), s. 70 står det at "[!]okal uttale har vore 'Sævarhajinn', men i endå større grad 'Sævarå'", og at Lars Severin Eide dessutan nemner formene 'Sævaro' og 'Sævare'. I tidsskriftet Hardanger frå 1941 skriv Kristofer Eitrheim at uttaleforma kan vera ei avstytting av Sævarhøgum, dativ flt. av Sævarhagi, eller at sistelekken koma av å 'elv' eller rå 'kro'.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Sævarhagen i Norge 1:50 000 frå 1952, 1987, 1995, 2002 og 2010, Sæverhagen i økonomisk kartverk frå 1971, , Sævarhagen og Sævaro i tidsskriftet Hardanger 1948, s. 434ff., Sævarhagen i boka Jondal i gamal og ny tid (1953), s. 441 og i boka Jondal kommune – gards- og slektssoge 1 (2003), s. 70.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv fylgjande: "I den UiB-arkiverte samlinga med stadnamn frå Jondal: /sè:varå/. Den oppslagsforma som er nytta i samlinga, er Sævaro. Det er verdt å merkja seg at det i stadnamnsamlinga er registrert i alt 12 namn som direkte eller indirekte er avleidde av dette gardsnamnet og at alle desse har ei utmerking som svarar til den korte (trestava) gardsnamnforma. Dette syner at denne gardsnamnforma må vera nytta i lange tider. Me kan no umogleg gå inn for at dei avleidde namna blir skrivne med -hag(a)- eller -hag(e)- som andrelekk i utmerkinga. Utmerkinga bør skrivast Sævaro-. (I namnesamlinga er utmerkingslekken registrert både med forma /sè:varU-/ og med forma /sè:varE-./)" (Framh.)</p>
----	--------	--	--	----------	---

93	612119	Sævaro / Sævarå / Sævare		Gard 303	<p><u>Framh. tilråding:</u> "(Mykje talar for at tredjestavinga i gardsnamnforma "Sævaro" / "Sævarå" – ei staving som då i dag berre består av ein vokal – har vorte til etter ei samandraging av dativ fleirtalsforma høgum.) Me tilrår at gards- og bruksnamnet blir skrive Sævaro i offentleg samanheng. Denne skrivemåten ligg nær den nedarva uttaleforma. (Jf. [...] § 4 i lova [...].) Det må elles seiast å vera ein føremon med denne skrivemåten at han gir liten avstand til skriftforma åt dei aktuelle avleiingsnamna."</p> <p><u>Vurdering:</u> Grunnregelen for normering i lova, som Språkrådet syner til, tilseier skrivemåten Sævaro. Endinga har ein uttale med /-å/, slik ein finn generelt for namn i dativ fleirtal i Jondal, jf. namn som Bokko /båk`kå/, Samland /såmm`låndå/ og Låto /lå:`tå/. Men det er ein eintydig normeringspraksis for å bruka o-ending i slike namn både lokalt og elles i gamle Hordaland. Namn som er avleidde av dette gardsnamnet krev òg ein skrivemåte basert på den tristava uttaleforma, slik Språkrådet poengterer. Det er likevel vanskeleg å sjå bort frå den sterke skrifttradisjonen for Sævarhagen/Sæver-, som er temmeleg eintydig i offentleg bruk. Det verkar mest sannsynleg at /sæ:`varå/ er ei samandraging av ei eldre dativsform Sævarhøgum, slik Kristofer Eitrheim er inne på, og Sævar(h)ògo er i so fall eit sannsynleg mellomsteg før det vart samandraging av dei to siste stavingane. Men dette er ei usikker tolking, og opphavet kan vera noko heilt anna, slik han òg opnar for. Det er difor rom for å handsama Sævaro og Sævarhagen som to ulike stadnamn på staden, slik at bae namna kan vidareførast i offentleg bruk. Det eine namnet har ein sterk talemålstradisjon, medan det andre har sterkast skrifttradisjon. Ut frå hovudregelen i lova verkar det mest tilrådeleg at Sævaro vert sett som hovudnamn og Sævarhagen som undernamn, og det vil gje best samsvar i kart med dei avleidde namneformene, som berre kan ha Sævaro-.</p> <p>Sævaro vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, medan Sævarhagen vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
94	(i matr.)	Severhagen	Sævaro (hovudnamn) / Sævarhagen (undernamn)	Bruk 303/1	Jf. løpenr. 93

95	(i matr.)	Severhagen	Sævaro (hovudnamn) / Sævarhagen (undernamn)	Bruk 303/2	Jf. løpenr. 93
96	(i matr.)	Severhagen	Sævaro (hovudnamn) / Sævarhagen (undernamn)	Bruk 303/3	Jf. løpenr. 93
97	402072	Sæverhagen-vad / Sævarovadet	Sævarovadet	Vad	<u>Uttale:</u> /sè:`varUva:E/, jf. ei lokal namnesamling frå 1979/1980. <u>Skrifttradisjon:</u> Sæverhagen-vad i økonomisk kartverk frå 1971, Sævarovadet i ei lokal namnesamling frå 1979/1980. <u>Høyringsvar:</u> Ingen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Sævarovadet. <u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 93.
98	1038007	Sævarevegen / Sævarovegen		Adressenamn	Ullensvang kommune er vedtaksmynde
99		Sævaro		Haldeplass	Vestland fylkeskommune er vedtaksmynde
100	986088	Tausabekken	Tausabekken	Bekk i Sandstå	<u>Uttale:</u> /tèu`sa(rù)bèk`ken/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til føre (2016), s. 152. <u>Skrifttradisjon:</u> Tausabekkjen, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til føre (2016), s. <u>Høyringsvar:</u> Ingen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Tausabekken. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten Tausabekken er uproblematisk. Namnet vart teke med i denne namnesaka for å få det formalisert for offentleg bruk. Tausabekken vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.

101	1081967	<i>Tverrberget</i>	Tverrberget	Berg mellom Velure og Aga	<p><u>Uttale:</u> /tvèrr`bèrje/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 284.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Tverrbergjet, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 284, Tverrberget, jf. boka I skòrfeste (2016), s. 25.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Tverrberget.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Tverrberget er uproblematisk. Namnet vart teke med i saka for å få det formalisert for offentleg bruk.</p> <p>Tverrberget vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
102	915287	<i>Vassdalen</i>	Vassdalen	Dal sørvest for Litlos	<p><u>Uttale:</u> /(kåls)vass`da:len/, jf. hovudoppgåva Noko om stadnamn frå Hardangervidda Vest (1970).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Vassdalen i Norge 1:50 000 frå 1968, 1979, 1995, 1996 og 2007.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vassdalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Vassdalen er uproblematisk. Namnet vart teke med i samband med at skrivemåten av det tilhøyrande namnet Vassdalsvatni skulle vurderast, men det spørsmålet vart avklart i ei anna namnesak i 2022. Vassdalen er det vanlegaste namnet, men Kollsvassdalen er òg stundom brukt, jf. at dalen går mellom Storekoll og Vetlekoll. Bruken av Kollsvassdalen er likevel so marginal at det ikkje tykkjest vera grunn til å formalisera denne langforma av namnet.</p> <p>Vassdalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
103	490286	<i>Vassdalsvatni / Vassdalsvatni</i>	(går ut av saka)	Gruppe av vatn	Namnet vart handsama i sak 2013/122808, og går difor ut av denne namnesaka.

104	983761	Vassmyrane	Vassmyrane	Slette	<p><u>Uttale:</u> /vass`myrane/, jf. boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 79.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Vassmyrane i bøkene Ullensvang – heimar og folk 1 (2014), s. 144 og Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 79.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vassmyrane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Vassmyrane er uproblematisk. Namnet vart teke med i saka for å få det formalisert for offentleg bruk.</p> <p>Vassmyrane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
105	1079342	Velureskredene	Velureskredene	Skredområde	<p><u>Uttale:</u> /vê:`lu:rùskrê:ùna/, jf. lokalkunnskap frå underskrivne sakshandsamar.</p> <p>Uttaleformene /vê:`lu:rù-/ og /-skrê:ùna/ går òg att i andre namn som inneheld desse namnelekkane i boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), sjå t.d. s. 300 og s. 27.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Vilureskriene i Norge 1:50 000 frå 1952, Velureskredene i bøkene Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid. 4.1 (1971), s. 14 og I skørfeste (2016), s. 12, Velureskredena i boka Ullensvang – Frå fjell til fjøre (2016), s. 281.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Velureskredene. Dei reknar med at etterlekkene er uttala /-skrê:Una/, jf. den uttalen som er notert for andre registrerte namn som endar på bunden form fleirtal av ordet skrede f. Dei syner til at skrivemåten skred(e) er vedteken i sju namnesaker i Ullensvang kommune, medan det ikkje i noko tilfelle i kommunen er vedteke ein skrivemåte utan d.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Velure- samsvarar med skrivemåten av gardsnamnet Velure like ved, og Velure- er frå tidlegare vedteke som skrivemåte i Velurenuten, der Vilure- vart avleige som skrivemåte. Skrivemåten -skredene er i samsvar med gjeldande rettskriving i norsk.</p> <p>Velureskredene vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

106	221790	Vesle Samlen / Vetle Samlen	Vetlesamlen	Fjell	<p><u>Uttale:</u> /vet`lEsaml'n/, jf. ei lokal namnesamling frå 1979/1980.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Vesle Samlen i økonomisk kartverk frå 1971, Vetlesamlen i ei lokal namnesamling frå 1979/1980.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vetlesamlen, og jamfører med andre lokale SSR-registrerte namneformer som Vetlehovden, Vetlekoll, Vetlebekken og Vetlenuten, der dei tri fyrstnemnde namneformene er vedtekne former. Når det gjeld skrivemåten utan mellomrom, dvs. Vetlesamlen i staden for Vetle Samlen, syner dei til punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p> <p><u>Vurdering:</u> I punkt 6 i dei utfyllande reglane, som Språkrådet syner til, står det fylgjande: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Dette namnet vert uttalt i eitt ord, og då er det ikkje grunnlag for å nytta serskriving av namnet. Uttalen lokalt er vetle- med -tl-, og då opnar regelverket for at skrivemåten òg kan vera med -tl-, jf. punkt 3.3 i dei utfyllande reglane: "Konsonantsambanda sl, tl, ft, pt, fs, ps, mb og rs kan skrivast i samsvar med dialektuttalen".</p> <p>Vetlesamlen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

107	1081972	Årmot	Årmot	Lon inst i Løyningdalen	<p><u>Uttale:</u> /aó'rèmót/, jf. boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 62. Olav Løyning, grunneigar i området, opplyser uttalen /aor'mo:t/ pr. telefon.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Åre-mót i boka Stadnamn frå gardane i Odda (1992), s. 62, Åramot i boka Vandring i gammal og ny tid (1999), s. 79.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Årmot. Dei opplyser at førelekken År- er genitiv eintal av hokjønnsordet å, og syner til punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Dette namnet er det same som ein finn i stølsnamnet Åremot heilt sør i Veigdalen på Hardangervidda, men der er uttalen tradisjonelt /ao'rùmo:t/ med innskotsvokal. Somme av skriftformene for namnet i Løyningdalen kunne òg tyda på vokalfuge, men uttalen me har fått opplyst frå eigaren er altså med nullfuge. Det verkar difor rimeleg å fylgja Språkrådet si tilråding, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Årmot vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
-----	---------	-------	-------	-------------------------	--